

# LNK AVISA

info@lnk.no

NR 3 • 2008 • ÅRGANG 7

www.lnk.no

## Brun kringle

Nasjonal turistveg skapar irritasjon, men gir og ekstra pengar i kassa for næringslivet.

• Sjå s. 11

## Senter for barnekultur

No vert det planlagt eit nasjonalt senter for nynorsk barnekultur på Sand i Ryfylke. Prosjektet er eit samarbeid mellom Ryfylkemuseet og Rasmus Løland – markeringa.

• Sjå s. 14

## Turistinvasjon

50 000 publikummarar til VM i saueklipping er den optimistiske spådommen som rår i Bjerkeim.

• Sjå s.18 og 19

## Overstyrer



(Foto: Stockspert)

Valnemnda til Haugaland Kraft as er ikkje nøgde med kjønnsbalansen hjå kommunane og har innstilt eigen kandidat.

• Sjå s. 3

## Gledesreparen



(Foto: Astrid E. Hjeltnes)

Ein skal ikkje framstille livet lyst og enkelt. Då blir litteraturen falsk

• Sjå s.12 og 13



(Foto: Toynt Toxebb)

# Krev auka midlar i NTP

Høyringsfristen for Nasjonal transportplan (NTP) gjekk ut 30. april i år. No har dei ulike institusjonane sagt meininga si. Dei fleste peikar på at det i forslaget til ny plan er sett av for lite økonomiske midlar til investering i den neste NTP-perioden. - Slike rekordlåge rammer

vil få uholdbare konsekvensar for utvikling av kommunikasjonar og samferdsel på Vestlandet, heiter det i eit vedtak frå Vestlandsrådet.

• Sjå side 8-10



## TRADISJON OG MODERNE KOMFORT – HAND I HAND!

Hotell Hordaheimen framstår som ny, større og endå betre! Vi gjev alle medlemmer av LNK og deira tilsette spesialprisar på overnatting både helg og vekedagar.

	Vekedagar	Helg
Enkeltrom	kr 695,-	kr 595,-
Dobbeltrom	kr 895,-	kr 795,-

Sei du representerer ein LNK-kommune når du tingar rom. Herleg frukostbuffet er inkludert.

**HOTELL  HORDAHEIMEN**

Best Western

Tlf: 55 33 50 00 / e-post: booking@hordaheimen.no

Informasjonsavis for  
Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Redaktør  
Toyni Tobekk

## Smular er også mat

Stortingsmelding om språkstimulering og språkopplæring har nyss kome på bordet. No ventar vi berre spent på den store meldinga om norsk språk. Men det ser ut til at det kan bli sommarferie og vel så det før Kultur- og kyrkjeminstre Trond Giske avslører kva, om nokon, språkstrategi regjeringa ønskjer å jobbe ut frå i dei kommande åra.

I mellomtida får nynorskfolka koste på seg eit aldri så lite gledessukk over det faktum at ein kommuneproposisjon for første gong har fått eit eige kapittel om nynorsk. Dokumentet, som omhandlar statens politikk overfor kommunane, slår fast i kapittel 14 at sjølv om bokmål og nynorsk er likestilte målformer, så lever nynorsken under vanskelegare kår. For å kome nokon veg i arbeidet med å styrke nynorsken, kan det vere ein ide å undersøke kommunane sitt forhold til språk og språkbruk nærare, slår teksten fast.

At kommunane har eit forhold til språkbruk og val av målform, veit vi allereie noko om. LNK og Nynorsk kultursentrum gjennomførte i 2006 ei kartlegging over språkbruken i nynorskkommunane. Men kva som rører seg hjå dei meir språknøytrale, sjå det veit vi lite om. Per i dag finst det 157 kommunar og 14 fylkeskommunar som er såkalla språknøytrale, det vil seie at dei ikkje har tatt eit aktivt standpunkt til kva målform som skal nyttast. I realiteten tyder det truleg at det er bokmål som er hovudmålet, slår kommuneproposisjonen fast, og det tvilar vi heller ikkje på.

Men om dette er eit punkt det er råd å påverke, er vel så interessant. Kan det vere at det mellom desse kommunane finst ein eller fleire som, like gjerne som dei er nøytrale, kan vere nynorskkommunar? Ikkje ein heilt utenkjeleg tanke som ein kan håpe ei slik undersøkning som regjeringa skisserer kan vere med og opne for. Skal det skje, må likevel stat og regjering sjølve i større grad syne at det er samanheng mellom liv og lære ved å bli endå betre og meir bevisste nynorskbrukarar.

Avslutningsvis sender vi derfor vennlege tankar til miljø- og utviklingsminister Erik Solheim som sytte for at alle landets ordførarar har fått eit personleg postkort med oppmoding om å ta vare på raudlistearter i sin kommune – så langt vi greier å sjå forfatta på den målforma kommunen nyttar. Slik skal det vere.

Utgjevar:  
Landssamanslutninga av  
nynorskkommunar (LNK)

Redaksjon:  
Ingrid Hillestad  
Sigbjørn Høidalen  
Judith Sørhus Littlehamar  
Einar Schibevaag

Korrektureisar:  
Ola Haug

Adresse til redaksjonen:  
LNK-Avisa  
Næringsbedet i Vatlandsvåg  
4235 Heines

Telefon 52 79 04 80  
Telefaks 52 79 04 81  
E-postadresse:  
bladstova@lnk.no

Montering:  
Norsk Plan A/S -  
Astrid Eidhammer Hjelmland

Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og

kan tingast hjå  
LNK, tlf. 22 33 14 00,  
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,  
eller bladstova@lnk.no  
Pris kr 150 per år.


Utgjevsplan  
2/9, 14/10, 2/12

Annonseprisar:  
1/1 side kr 17 000,-  
(253x360 mm)  
1/2 side kr 10 000,-  
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)  
1/4 side kr 6 500,-  
(128x175 mm eller 57x360 mm)  
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.  
Tillegg for farge.

Annonsar blir å levera  
som pdf-fil til:  
bladstova@norsk-plan.no

Trykk:  
Sunnhordland  
Opplag omlag 6000



Samferdsle:

## Gammaldags infrastruktur skaper press i økonomien.

Det er stort behov i dette landet for å investere i meir moderne infrastruktur både på veg og bane, og dermed skape grunnlag for effektiv verdiskaping i heile landet. Men statlege fagmiljø (FINANSDEPARTEMENTET, NORGES BANK og SSB) vil ikkje av redsel for press i økonomien. Det er eit stort demokratisk problem at majoriteten på Stortinget trur på desse miljøa praktisk talt utan atterhald.

I **Aftenposten 8. mai** kan vi lese om stor samfunnsmessig gevinst ved å investere i ny infrastruktur på jernbanen, i det tilfellet strekninga Oslo-Tønsberg. Folk vil spare tid – og tid blir omrekna til pengar. I tillegg kjem miljøfordelen.

Dette er bare eit eksempel. Det finst mange tilsvarende på vegsektoren.

Statlege investeringar i infrastruktur blir dessverre ein del av salderinga når totalbudsjettet skal gjerast opp. Inntektene/gevinsten frå investeringa ser ut til å forsvinne. Bare den øyeblikkelege effekten av kvart prosjekt blir målt.

Det er slik i den norske statsstyringa at nokre økonomiske forhold blir styrt direkte, andre i beste fall indirekte – gjennom rentepolitikk og liknande.

Nokre område blir ikkje styrt eller ein har vald å avgrense styringa sterkt. Eksempel på to slike sektorar som er svære i økonomisk samanheng: 1. Investering i oljesektoren og 2. Private låneopptak.

På andre område att er økonomien styrt gjennom lovfesta rettar for innbyggjarane – eksempelvis trygd/pensjon.

Desse forholda har vore ganske uavhengige av fargen på regjeringa dei siste tiåra.

Skiftande regjeringar prøver å styre detaljert der dei ser at dei kan styre, sjølv om dette utgjør ein mindre del av økonomien. Når store sektorar då lever sitt frie liv, blir dei styrbare delane av økonomien salderingspostar.

Kor mange gonger har vi ikkje sett finansministrar forklare seg detaljert om faren ved ikkje å føre ein restriktiv politikk? Problemet då er dei store sektorane dei ikkje styrer.

Kan nokon vere i tvil om at manglande vedlikehald og nyinvestering i jernbanenettet i Stor-Oslo fører til *auka press* i økonomien?

Er det tvil om at dårleg infrastruktur gir auka kostnader for næringslivet? Auka kostnader er det same som auka press i økonomien. Eksempelvis har Statens Vegvesen grundig dokumentert denne kostnadseffekten for Telemark.

Samferdselsbudsjetta i Norge, slik dei har utvikla seg i forhold til andre delar av økonomien, pressar ikkje økonomien i særleg grad – ikkje ein gong anleggs-sektoren. Likevel blir det fila på dette budsjettet nesten til det latterlege - ikkje fordi ein manglar pengar, men som ein del av den økonomiske styringa av sektorar der ein har full kontroll.

For mange av oss i nynorskland er samferdsel i høg grad synonymt med VEG, eventuelt i kombinasjon med ferge-/båttrafikk. I tillegg til dei økonomiske faktorane må vi slite med VEGFOBI i delar av det politiske miljøet.

I utgreiingsarbeidet for nye tunnelar over Haukeliffjell har SINTEF laga ein rapport for Statens Vegvesen som svært tydeleg illustrerer samanhengen mellom tungvinn vegstruktur og drivstoff-forbruk (=utslepp av klimagassar).

Klarer vi å overtide Stortinget om at godt dekke sparar miljøet og at nye beinveggar med færre svingar og mindre opp og ned er til fordel både for næringsliv og klima?

Men det er eit par lyspunkt:

Framhald kronikk s. 21

### KRONIKKFORFATTAREN

**Børge Skårdal**  
Siviløkonom

Dagleg leiar AS Hauke-  
livegen

(Foto: Arild Hansen)



### Merkar lite til raudgron kommunesatsing

Tre av fire nordmenn har ikkje merka noko til den påståtte storsatsinga på kommunane frå regjeringa, viser ei ny undersøking.

På spørsmålet «Korleis er inntrykket ditt av økonomien i kommunen din det siste året?» svarar 46 prosent av dei spurde at det er uforandra. Til saman 27,5 prosent seier at

økonomien har vorte mykje dårlegare, eller noko dårlegare.

– At 46 prosent av befolkninga ikkje har merka noko til den raudgrøne satsinga, viser vel at regjeringa har litt promoteringsarbeid å gjera, seier forskar Bjarte Folkestad ved Institutt for samanliknande politikk ved Universitet i Bergen til Nationen. (©NPK)

# Strevar med kjønnsbalanse



### Krav til kjønn

Statsaksjeselskap og børsnoterte allmennaksjeselskap har krav om ei viss kjønnsfordeling i styret. Dette blir regulert av aksjelovens § 20-6.

Også interkommunale selskap er pålagde å ha 40 prosent representasjon av kvart kjønn, i tråd med lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap.

Kommunale og private aksjeselskapsstyre er derimot unntatte kravet til kjønnsrepresentasjon.

Kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) har varsla at eit nytt lovforslag som påbyr 40 prosent av kvart kjønn i kommunale aksjeselskap vil komme i løpet av 2008.

Ordførar Arne Bergsvåg (Sp) i Vindafjord kommune fekk ikkje kommunestyret med seg på å erstatte ein mann med ei kvinne i styret til Haugaland Kraft as (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmland)

### Eigarkommunane i Haugaland Kraft as i Rogaland har nominert fem menn og to kvinner til styret i kraftlaget. Valnemnda svarte med å erstatte ein av mennene med ei kvinne.

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

Haugaland kraft as er ikkje eit allmennaksjeselskap og er såleis ikkje lovpålagt minst 40 prosent kjønnsrepresentasjon i styret. Likevel meiner valnemnda til styret at kjønnsbalanse er viktigare enn tidlegare inngåtte løfte om posisjonar og har oppmoda kommunane om å finne fleire kvinnelige kandidatar for generalforsamlinga i juni. Då det ikkje førte fram, valde nemnda sjølve ordne opp.

– Kommunane fekk sjansen til å rette opp den dårlege kjønnsbalansen, men dei tok han ikkje, seier leiar av valnemnda, Helga Rullestad. I staden for å gå for den nominerte kandidaten frå Vindafjord, har valnemnda no levert ei innstilling med ei kvinne i plassen.

### LUKRATIVE VERV

Bakgrunnen for saka er at dei av kommunane i kraftlaget som berre har ein kandidat i styret, utelukkande har nominert menn. Desse kommunane er Sveio, som har ein eigen representant, og Tysvær, Vindafjord, Utsira og Bokn som har ein på deling.

Tysvær kommune, som er den av dei fire som har hatt styreplassen dei siste åra, fekk tilbod om å byte ut sin mannlege kandidat, i dette tilfellet ordførar Harald Stakkestad (H) med ei kvinne. Men Tysvær ønskte å halde på sitt forslag. I staden føreslo kommunen å seie frå seg vervet til

Vindafjord, mot at Vindafjord kom opp med ei kvinne og at Stakkestad fekk vere vara.

Det var ei løysing Vindafjord-ordførar Arne Bergsvåg hadde forståing for, men han fekk ikkje kommunestyret med seg, trass i at valnemnda hadde peika ut det dei meinte var ei kvalifisert og svært aktuell kvinne frå deira kommune. Dette var nemleg ein prosess som starta allereie ved konstitueringa etter valet i fjor haust, og Bergsvåg legg ikkje skjul på at slike styreverv som dette heng høgt når posisjonar skal fordelast.

### STO PÅ SITT

- I utgangspunktet ville kommunestyret at ordføraren skulle sitje i styret, uavhengig av kjønn, seier Bergsvåg. Men sjølv ønskte han ikkje denne posisjonen, fordi han meiner det ville med ført ei uheldig rolleblanding i høve økonomi og sakshandsaming. I staden vart ein av hans mannlige partifellar nominert til styret.

- Eg har informert kommunestyret i Vindafjord om at valnemnda ønskte ei kvinne, alternativt at vi fann ein av kvart kjønn. Men politikarane ønskte å halde på han som allereie var nominert, seier Bergsvåg.

Kommunestyret har ikkje diskutert saka etter at valnemnda la fram si innstilling, men Bergsvåg medgjer at dette er ei sak som bør sette spør etter seg til neste styreval om to år.

- Vi kan ikkje berre vere med og vedta lovar om kjønnsrepresentasjon, vi må handle også, seier han.

ABC  
Startsida

Vi gjer nettet  
nyttigare!

www.startsida.no



Landssamanslutninga  
av nynorsk kommunar (LNK)

P.B 7044

St. Olavs plass  
0130 Oslo

www.lnk.no

info@lnk.no

Dagleg leiar:  
Vidar Høviskeland

Styret:  
Jan Magne Dahle, leiar  
Astrid Myran Aarvik, nestleiar  
Solfrid Borge  
Kjell G. Helland  
Rune Øygard

Varamedlemmer:  
Nils R. Sandal  
Velaug Veum  
Oddvar Haugland

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:  
Bladet Sunnhordland  
KLP forsikring  
Hotell Bondeheimen  
Fagforbundet  
Kommunalbanken

#### LNK-avisa rettar:

I LNK-avisa nr 2, 2008 kom journalisten vår i skade for å plassere Nynorsk Mediesenter i Selbu. Det rette skal sjølvsagt vera Førde i Sogn og Fjordane.

Vidare vil LNK-avisa presisere at det var ideen om eit nynorsk mediesenter som gjorde at NRK Sogn og Fjordane overlevde som nynorsk kompetansesenter, og ikkje at det kom under NRK Hordaland i Bergen, som det vart skrivne i teksten.

Vi orsakar.

#### Engelsk for 3-åringar

Alle barnehagar i Oslo blir frå hausten av inviterte til å delta i forsøk med å tilby engelskopplæring. Forsøket er inspirert av Rinkebyskolan i Stockholm der barna får lære engelsk gjennom lek, dans og song frå dei er tre år gamle. Torger

Ødegaard, byråd for barn- og utdanning i Oslo har vore på synfaring til Rinkebyskolan og han seier til Aftenposten at desse ungane beherskar morsmålet svensk og har ein viss innsikt i engelsk, noko som gir dei sjølvtilitt når dei byrjar i skulen.

## Høviske ord

Utdanningsdirektoratet har sendt frå seg teksten til årets matteeksamen på nynorsk med meir enn 20 skrivefeil. Det er ikkje snakk om ein lang tekst...

Alle kan gjera feil og nokre feil vert sjølvsagt meir synlege enn andre. Direktoratet orsakar seg med at dei har sendt feil versjon av oppgåva til trykkeriet. Same korleis det skjedde: Ein eller annan saksbehandlar i den etaten som hovudansvaret for kvalitetssikring i den norske skulen, har altså sendt frå seg eit arbeid som ikkje held mål språkleg.

Dømet er trist, men ikkje så einestående som ein skulle tru. Fleire kommunar har vurdert å innføra obligatoriske skrivekurs for nyttilsette. Personar med universitetseksamen og mest tju år bak seg på skulebenken kan ikkje gjera seg forstøtt skriftleg når dei skal ta til i arbeidslivet.

For eit par år sidan kom det fram at Universitetet i Oslo ikkje hadde kompetanse til å retta nynorskoppgåver, og at studentane derfor vart rådde frå å bruka nynorsk.

Fylkesleiar for Norsk Lektorlag i Hordaland, Svein Einar Bolstad, er krass i Stavanger Aftenblad: - I alle ledd i skoleverket har man hatt amatørernes inntogsmarsj, seier han i ein kommentar til mattesaka. Han legg til at rundskriv frå Utdanningsdirektoratet ofte er så uklårt formulerte at dei må tolkast.

Direktoratet beklagar sjølvsagt det som har skjedd i mattesaka, men i ein kommentar i den same artikkelen i Stavanger Aftenblad seier avdelingsdirektør Siv Hilde Lindstrøm noko interessant:

- Jeg er ikke bekymret. Vi har ikke fått noen reaksjoner på det, annet enn fra dere, seier ho til avisa.

Utdanningsdirektoratet kan altså senda frå seg eit makkverk av ein eksamenstekst til alle ungdomsskulane i landet og mest ingen bryr seg!

Direktør i Språkrådet, Sylfest Lomheim, kommenterer saka i VG og seier at dette handlar om dårlege haldningar til språket og at det truleg ikkje ville ha skjedd i gamle dagar. Det har han nok rett i, men kvifor i all verda skjer slikt no?

I tidlegare tider var det prestisje i det å vera språkkunnig – og slett ikkje alle var det. Me har etter kvart fått eit samfunn der stadig fleire brukar skriftspråket dagleg, både i arbeid og privat. Me har aldri lese så mange aviser og bøker. Me har aldri skrive så mange og endelausa blogggar. Har denne språklege demokratiseringa ført til at det ikkje lenger er knytt prestisje til det å dyrka språket?

Vidar  
Høviskeland  
er dagleg  
leiar i LNK



## Ravatn lanserer undergrunnsprosjekt

**Agnes Ravatn er klar med ny bok. Sjølv kallar ho ikkje til hjemlån eit motstandsarbeid.**

JUDITH SØRBUS LITLEHAMAR  
judtih@norsk-plan.no

Agnes Ravatn, Kjersti Rorgermoen, Mari Ulset og Anja Ulset møttest på Skrivekunstakademiet i 2004. Det var der ideen om bladet som er basert på kvinnemagasin frå femtitalet, lokalhistoriske utgjeingar og private foto kjøpt på loppemarknad vart til.

- Det var ei collagebasert undergrunnsfanzine som vi sette saman, kopierte opp og slengde frå oss rundt om på utestader i Bergen på kveldstid utan å ville ha noko tilbake for det, seier Ravatn til Morgenbladet.



(Foto: Judith Sørbus Litlehamar)

No vert høgdepunkta av dei til saman 13 utgjevingane gitt ut på Samlaget.

- Nokre av dei som har vore vårt publikum har likt oss fordi det var eit undergrunnsprosjekt. Så at det no har blitt bok er det fleire som synest er eit svik mot sjangeren. Men no som prosjektet likevel er forbi, synest eg det er kjekt å nå ut til fleire, seier ho til Morgenbladet.

Ragnar Hovland skriv i forordet til boka at utgjevinga aldri skulle sett dagens lys, at ho er ein hån mot den gode smak og det rådande litterære klimaet.

- Me kalla det motstandsarbeid. Det er dumt og tullele. I den grad det ligg noko i det, er det eit ønske om å desautomatisera tankegangen til folk, seier Agnes Ravatn sjølv.

## Nordsjøkonferansen 2008

### TIL EUROPA ETTER ARBEIDSKRAFT

# – OVER BEKKEN ETTER VATN?

Queen of Scandinavia 25. - 28. september 2008

#### Fredag 26.9.

- 09.00 Opning  
v/ adm. dir. Petter Skouen,  
Kommunalbanken
- 09.15 Arbeidskraft frå Europa – flyttemønster og arbeidsmigrasjon  
v/ professor of Sociology and  
Social Policy, Stein Ringen,  
University of Oxford
- 10.00 Eit Noreg i omstilling - korleis ser norske kommunar ut om 10 år?  
v/professor i samfunnsplanlegging,  
rektor Jørgen Amdam, Høgskulen i  
Volda
- 10.45 Spørsmål og kommentarar
- 11.00 Kaffi og frukt
- 11.20 Røff guide til samtidslitteraturens syn på bygde-Noreg  
v/litteraturredarbeidar Marta  
Norheim, NRK
- 12.00 Lunsj
- 13.00 Der som ingen skulle tru at nokon ville bu.  
Knut Vareide, Telemarksforskning,  
presenterer Norsk  
attraktivitetsbarometer
- 13.45 Er kommunane/regionane budde på nye utfordringar?  
Arne Kleppa, Ryfylke IKS, Anne  
Grethe Bakke, Hordaland Reiseliv,  
Marta Norheim, NRK og Knut  
Vareide, Telemarksforskning.  
Debatteiar er direktør Einar  
Schibevaag, Garborgsenteret,  
Bryne.
- 14.50 Oppsummering  
v/ journalist Linda Eide, NRK
- 15.00 Møteslutt
- 16.00 Kvelden til disposisjon i Newcastle

#### Sundag 28.9.

- 09.00 Opning  
v/ styreleiar Jan Magne Dahle, LNK
- 09.10 Kampen om arbeidskrafta – nye utfordringar for kommunane  
v/kommunalminister Magnhild  
Melveit Kleppa
- 09.40 Rekruttering og arbeidsmigrasjon – etiske og arbeidsrettslege problemstillingar  
v/leiar i Fagforbundet, Jan Davidsen
- 10.10 Spørsmål og innlegg
- 10.30 Kaffi- og fruktpause
- 10.50 Arbeid og språk - innvandring og utvikling  
v/direktør Sylfest Lomheim,  
Språkrådet
- 11.20 Språklege følgjer av arbeidsmigrasjon - Kva vert utdanningssystemet og LNK sine roller  
v/førsteamanuensis Jan Olav  
Frøtland, Høgskulen i Sogn og  
Fjordane
- 12.00 Spørsmål og kommentarar
- 12.15 Lunsj
- 13.15 Rekruttering av arbeidskraft - økonomiske konsekvensar for kommunane  
v/marknadsdirektør Kjell Pettersen,  
Kommunalbanken
- 13.40 Spørsmål og innlegg
- 13.50 Oppsummering v/journalist Linda Eide, NRK
- 14.00 Konferanseslutt
- 15.00 "Queen of Scandinavia" kjem til Stavanger

#### Laurdag 27.9.

- Alt. 1
- 11.00 Buss til Newcastle/Gateshead
- 12.00 Guida omvising på Baltic Centre of Contemporary Art
- 13.00 Utsiktsslusj på Baltic Centre
- 14.00 Byvandring frå Gateshead til Laing Art Gallery via Millenium Bridge
- 14.30 Ettermiddag til disposisjon i Newcastle
- 17.00 Buss til North Shields/ferje
- Alt.2
- 11.00 Buss til Newcastle
- 11.30 Formiddag til disposisjon i Newcastle
- 14.00 Fotballkamp Newcastle - ? (terminliste ikkje klar)
- 17.00 Buss til North Shields/ferje
- 19.00 Aperitiff og ord for dagen  
v/norsk attraksjon Linda Eide
- 20.00 Festmiddag

Avreise/ankomst frå/til Bergen,  
Haugesund eller Stavanger.

Delataravgift, inkludert lugar og alle måltid om bord: kr 3 600,-

Fleire detaljar og PDF-versjon av programmet på  
[www.lnk.no](http://www.lnk.no)

Påmelding til  
[post@lnk.no](mailto:post@lnk.no)



KBN Kommunalbanken  
Norge

## Samferdsle

# Trur ikkje på statlege lån



(Illustrasjonsfoto)

**Finansminister Kristin Halvorsen (SV) vil ikkje garantere for statlege lån til bygging av infrastruktur. Leiar av Transport – og kommunikasjonskomiteen, Per Sandberg (FrP) meiner dette er forutsigbart og defensivt.**

EINAR SCHIBEVAAG OG JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
einar@norsk-plan.no, judith@norsk-plan.no

Som dei fleste vel har høyrte meg seie tidlegare: det me manglar er ikkje pengar, det er folk til å gjere jobben. Me får dette bekrefte kvar dag når me ser kapasiteten i bygge – og anleggsbransjen er sprengt og tilboda frå entreprenørar på prosjekt har skote i været. Difor løyser ein ingen samfunnsproblem ved å opne opp for at tiltak vert sett i gang på lånte pengar, seier Halvorsen og viser til at ho meiner lånefinansiering av statlege investeringar prinsipielt er uheldig.

- Dette er forutsigbart, defensivt og unnvikande frå Statsråden, Halvorsen seier sjølv me ikkje manglar pengar. Me manglar heller ikkje kapasitet. Med store samanhengande utbyggingar trekkjer me til oss også store utanlandske entreprenørar, og ei lånefinansiering via statlege utbyggingsselskap slik FrP har foreslått ville gitt kontinuerleg utbygging uavhengig av dei årlege statsbudsjetta, seier Sandberg, som meiner dette handlar om graden av politisk vilje til å investere ein større del av midlane i realverdiar. Per Sandberg meiner dette kan gjerast med høg del av utanlandske entreprenørar, og

med begrensa effekt på innanlandsk etterspørsel.

- Det vil uansett måtte prioriterast mellom ulike prosjekt. Lånefinansiering av prosjekt i dag vil medføre at framtidige budsjett vert bundne opp. Lånefinansiering bidrar også til å undergrave handlingsregelen, og sidan finansieringsordninga ikkje endrar utgiftenes reelle karakter og deira verknad på økonomien, seier Halvorsen.

## FERJETILSKOT I 30 ÅR?

- Meiner Statsråden at innsatsen med å bygge til dømes ein veg bør reknast som del av verdiskapinga og grunnlaget for å vurdere om veganlegget løner seg eller ikkje?

- Bruk av arbeidskraft er ein kostnad ved eit kvart prosjekt, til dømes eit vegprosjekt. I utgangspunktet skal marknads-lønna leggst til grunn ved berekning av lønns-kostnadane og ein bør normalt ikkje korrigere for arbeidsløyse, seier Halvorsen.

Finansminister Kristin Halvorsen viser også til at alternativ bruk av ferjetilskot vil kunne føre til at ein langs kysten får gjennomført fleire nye samferdsleprosjekt med nytte for trafikantane, næringsliv og samfunnet elles.

- Alternativ bruk av ferjetilskot vil ikkje aleine kunne finansiere utbygging av eit ferjeavløysingsprosjekt. Finansieringsplanen for slike prosjekt må difor ta omsyn til bompengedrag, bidrag frå lokale styresmakter og næringsliv, netto innsparer ferjekostnader samt statleg finansiering. Det er eit etablert prinsipp at ferjeavløysingmidlar vert gitt i 15 år i tråd med innkrevjingsperioden for bompengeprojekt. I kommande

Nasjonal transportplan vil alternative finansieringsformer i samferdslesektoren bli omtalt.

Sandberg viser til at FrP meiner ferjeavløysingmidlar må bereknast for ein mykje lengre periode, truleg mellom 30 og 40 år.

- Me vil gjerne prøve dette ut i fem fylke, men vert diverre stoppa av regjeringa, seier han.

## VIL KREVJE PRIORITERING

- Etterslepet og ei opprusting av norsk infrastruktur (vegar, hamner og bane) er rekna til å koste kr 700 milliardar kroner. Korleis ser finansministeren på ei løysing der ein nyttar om lag 1000 kroner ekstra per innbyggjar per år dei neste 15 åra, slik at komande generasjonar kan få ein framtidsetta infrastruktur over heile landet?

- Vei og anna infrastruktur vert prioritert høgt av den raud – grøne regjeringa, og me er i rute i forhold til dei ambisiøse måla Stortinget har vedteke for vegsektoren gjennom Nasjonal transportplan. Det er eg stolt av å vere med på. Når det er sagt, vil det alltid vere mogleg å bli betre, seier Halvorsen, som likevel legg vekt på at dette handlar om prioriteringar.

- Infrastruktur og forskning kan til dømes auke produktiviteten i økonomien slik at me får meir ut av kvar arbeidstime. Midlar til kommunane sikrar blant anna sjukeheimsplasar slik at me alle kan få ein verdig alderdom. Barnehageplass til alle som ynskjer det kan gi barna ein



Leiar i Transport – og kommunikasjonskomiteen, Per Sandberg, meiner regjeringa satsar for lite på samferdsle. (Foto: FrP)

god oppvekst og gjera at begge foreldra kan delta meir i arbeidslivet og skape ressursar for alle. Dersom ein ynskjer meir pengar til infrastruktur, må ein prioritere dette i staden for andre gode formål. Eg meiner at me med dei statsbudsjetta denne regjeringa har stått ansvarlege for, har endt opp med ein god balanse mellom infrastruktur og andre gode tiltak, seier Halvorsen.

Sandberg reagerer sterkt på dette, som han meiner er for dårleg satsing.

- Det er ikkje sant at veg og anna infrastruktur vert prioritert, seier han. I ein situasjon der Noreg fløymer over av pengar, i den grad vår rikdom kan omtalast som eit problem, aukar vedlikehaldsetterslepet i 2008 med over ein milliard. Spørsmålet antyder å bruke 4,7 milliardar meir per år i 15 år for å ruste opp infrastrukturen. 70 milliardar meir totalt. Dette er faktisk for lite, meiner han.

## Treng alternative løysingar

**Professor i forvaltningsøkonomi ved Høgskolen i Hedmark, Bjarne Jensen, meiner det er på tide at Finansministeren vurderer alternative finansieringsløysingar.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

- Halvorsen sine kommentarar er isolert sett fornuftige. Men det er likevel grunn til å stille nokre spørsmål, seier Jensen og viser til kva han meiner innføring av forretningsregnskap har å seie for statens verksemd. I eit forretningsregnskap vert det innført fullt skilje mellom investeringar og driftsutgifter.

- Dei forretningsbaserte systema har tilleggseffektar som burde bekymre Finansdepartementet og særleg ein minister frå SV. Dei internasjonale erfaringane med desse systema er blant anna at dei svekker politikarane sin påverknad

på verksemda, og at dei bidrar til privatisering og konkurranseutsetjing av offentlege fellesløysingar. Til dømes er forretningsregnskap fullt ut innført for dei statlege helseforetaka. Økonomistyringa der har aldri vore dårlegare.

Han legg vidare vekt på at det innan samferdsle er behov for ei styring i form av prosjektfinansiering slik at prosjekt kan gjennomførast som ein heilskap.

- Her er det utvikla ei rekkje konstruktive forslag til finansieringsløysingar som ikkje svekker politisk styring eller fører til privatisering. Men slike løysingar ynskjer ein ikkje eingong å utrede. Her skulle Halvorsen gått i tenkeboksen slik at konstruktive løysingar som bidrar til større effektivitet og betre utvikling i offentleg infrastruktur kunne bli gjennomført, seier Jensen.

# Sentrum best med mindre trafikk



Sentrum i Seljord blømer utan biltrafikk, seier rådmann Kristian Torp-Hansen (Foto: Bjørn Arild Hagen)

**Rådmann Kristian Torp-Hansen er ikkje i tvil. Etter at trafikken blei lagt ut av Seljord sentrum, har det blitt mykje trivelegare i handlegatene.**

INGRID HILLESTAD  
ingridhillestad@hotmail.com

Etter ei omlegging av E-134 tidleg på nittitalet, har den tyngste trafikken hanna utanom sentrum i Seljord. No må du ta ein avstikker frå hovudvegen skal du kome deg til butikkar og andre sentrumstilbod i telemarkskommunen. Torp-Hansen trur ikkje handelsstanden lir under dette.

## RIKT HANDELSLIV

- Eg trur ikkje næringslivet ville hatt fordel av at vegen gjekk gjennom sentrum. Men me må passe på så ikkje sentrum mister styrke og vere nøye med å ikkje regulere nye forretningsområde ut mot europavegen, forklarar han.

Rådmannen peikar tvert imot på eit blømande handelsliv i sentrum etter at vegen endra kurs. Han fortel om auka omsetnad for dei næringsdrivande.

- Me fungerer som handelssentrum for heile regionen, held han fram.

## VIL HA VEGEN VEKK

I nabokommunen Bø er situasjonen ein annan. Her passerer Rv36 rett gjennom sentrum.

- Me ønskjer vegen vekk. Dette er tema blant mange. Vegen fører med seg stor trafikkbelastning og plagar med støy. Han gjev også utfordringar med trafikkavvikling ved at trafikken hopar seg opp i kryss. Det blir for mykje med både intertrafikk og gjennomgangstrafikk, fortel Kristin Karlbom Dahle, arealplanleggjar i Bø kommune.

Ho nemner vidare omsynet til mjuke trafikantar og trivsel som år-

saker til at Bø ønskjer Riksvegen ut av sentrum.

Dahle har ikkje nokon ulykkesstatistikk å vise til, men det er ingen tvil om at all sentrumstrafikken gjer fotgengarar og syklistar meir sårbare.

## HAR STOPPEFFEKT

Trass i ulemper, ser Dahle også fordelar med gjennomgangstrafikken.

- Han gjev ein stoppeffekt som handelen kan nytte godt av, nemner ho, og legg til at der vegen blir lagt om, ser ein ofte at næringslivet flyttar etter.

Rådmannen i Seljord legg ikkje skjul på at dei stundom kan merke eit visst press frå næringsdrivande som ønskjer å etablere seg langs vegen. Likevel meiner Torp-Hansen at gevinsten med eit sentrum fritt for den tyngste trafikken er så tydeleg, at han ikkje er i tvil om at det i bunn og grunn er sånn både innbyggjarane og handelsstanden ønskjer det.

- Eg trur dette har blitt så vellykka fordi me like før vegen blei lagt om, starta eit prosjekt for å utvikle sentrum. Her drog næringslivet og kommunen saman. Me var redde for at trafikken av handlande ville bli svekka. No trur eg ikkje det er nokon som ønskjer vegen tilbake, påpeikar rådmannen.

## KONTAKTA VEGVESENET

I Bø er kommuneplanen no under regulering, og i den samanhengen har kommunen kontakta Statens vegvesen for å sjå på alternative vegløysingar.

- Men dei vurderer ikkje problemet som stort nok til at dei vil gjere noko med det no, forklarar Dahle, og nemner tunnel under sentrum som eit mogleg alternativ.

Medan Bø ventar på betre vegtidder, set kommunen i verk tiltak for å gjere den tungt trafikkerte Bogata trivelegare.

- Me plantar blommar langs vegen og har fått fartsdumpar i gata, fortel Dahle.



Kommunekreditt har vore støttespelar for Opera Nordfjord i ti år.

## Det er mange mål....

Nokon er lette å nå - andre vanskelege. Ny skule, betre vassforsyning eller kanskje eit nytt operahus. Kommunekreditt gjer sitt for at midlane skal strekke litt lenger når dei folkevalde skal prioritere sine investeringar.



Beddingen 8, 7410 Trondheim  
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)  
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81  
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

## Samferdsle



Bergensbanen nedanfor Hallingskarvet på Ustaøset. (Foto: Kjetil Refsnes Jørgensen)

# Håpar på realisering av Ringeriksbanen

- Det er på tide at ein no satsar på jernbanen sine langdistansetrekningar, seier dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal, Knut Arne Gurigard.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

I regionrådet sin uttale til Nasjonal transportplan 2010 – 2019 vert det lagt vekt på at Bergensbanen må rustast opp til ein moderne og effektiv bane med vesentleg reduksjon i reisetida. I tillegg ynskjer ein å realisere Ringeriksbanen som vart vedteke på Stortinget allereie i 1992 så tidleg som mogleg i den neste planperioden.

- I Hallingdal er det klart at både veg og jernbane er viktig for oss. Men det er feil at Hallingdal aleine skal måtte prioritere Bergensbanen, den burde ha nasjonal interesse, seier Gurigard om jernbanesatsinga.



Dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal, Knut Arne Gurigard håpar ein i neste NTP-periode vil sjå ei markert opprustning av Bergensbanen og ei etterlangta realisering av Ringeriksbanen. (Foto: Regionrådet for Hallingdal)

## JERNBANE ER DISTRIKTSPOLITIKK

Regionrådet legg i uttalen vekt på at det er viktig å arbeide for å få mest mogleg av godstrafikken over på jernbane. I følge Knut Arne Gurigard vil ei realisering av tre fleire kryssingsspor gi fleire positive konsekvensar

som å fjerne om lag 200 trailerar frå Hallingdal i døgnet. Meir godstrafikk på jernbane vil altså gi både betre miljø og trafiktryggleik.

- Når det gjeld persontrafikk vågar eg å påstå at over halvparten av av – og påstigingane på Bergensbanen skjer i Hallingdal. Dette er også distriktspolitikk, for dei som vurderer å busette seg i Hallingdal er nærleiken til Oslo viktig, meiner Gurigard.

I uttalen frå regionrådet vert det lagt vekt på jernbanenettet i landet står framfor eit omfattande behov for å fornya dagens infrastruktur. Jernbanelikvidet har rekna ut at det er behov for om lag 40 milliardar kroner i planperioden dersom Nasjonal transportplan 2006 – 2015 skal følgjast, i tillegg kjem ei styrking av godstrafikken. Tilrådinga i Nasjonal transportplan er at vedlikehaldsramma i planperioden skal aukast med 30 prosent i forhold til dagens nivå, med fokus på fornying av eksisterande anlegg. Regionrådet i Hallingdal viser til at dette vil føre til at satsinga på investeringar i nye jernbaneprojekt vert kraftig redusert, frå

## Nasjonal transportplan (NTP) 2010 – 2019

I Stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan presenterer Regjeringa sin strategi for transportpolitikken. Transportplanen har ein planperiode på 10 år, men vert revidert kvart fjerde år. Stortingsmeldinga vert teken opp til behandling i Samferdslekomiteen som legg fram si innstilling for Stortinget. Transporttaten og Avinor AS utarbeider eit fagleg grunnlag for departementet sitt arbeid med stortingsmeldinga. Regjeringa tek sikte på å legge fram ei stortingsmelding om Nasjonal transportplan (NTP) 2010–2019 ved årsskiftet 2008/2009. Høyringsfristen for planen gjekk ut 30. april i år.

Kjelde: Samferdsledepartementet Ntp.dep.no

2,4 milliardar kroner til 1,6 milliardar årleg, og at både Jernbanelikvidet og Statens vegvesen prioriterer korridorane med størst trafikk.

- Det er typisk at ein satsar på storbyområda, og mindre på langdistansetrekningane, seier Gurigard som no etterlyser eit engasjement frå sentrale styresmakter for å ruste opp Bergensbanen.

## TRUR PÅ RINGERIKSBANEN

I forslaget til NTP 2010 – 2019 er Ringeriksbanen foreslått starta opp i siste delen av perioden med 450 millionar kroner, av ei totalt investeringsramme på 6,8 milliardar kroner. Gurigard er likevel optimistisk.

- Med ei realisering av Ringeriksbanen vil Hallingdal kome nærare sentrale strøk og ein ville kunne oppnå ein pendlaravstand til Oslo. No er det politisk vilje til å realisere Ringeriksbanen i Buskerud fylkeskommune, og eg har tru på at det er realisme i å få dette til i neste NTP-periode, seier Gurigard.

Saka om ei eventuell realisering av Ringeriksbanen ligg no i Stortinget der det endelege valet av trase skal gjerast. Både Hordaland fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune har i sine uttalar til Nasjonal transportplan lagt vekt på at ein treng ei opprustning av Bergensbanen og ei realisering av Ringeriksbanen. Samstundes vert det vist til at ein truleg bør leite etter alternative finansieringsløyningar.

# Krev nye tunnelar

Nye Haukelitunnelar er ikkje tekne med i forslaget til NTP 2010 – 2019. Det vil gjerne AS Haukelivegen gjere noko med.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

AS Haukelivegen arbeider no intensivt for å fremje prosjektet nye Haukelitunnelar i Nasjonal Transportplan – mellom Seljestad og Ulevå. I følge Haukelivegen vil to nye tunnelar gi ei sikrere løysing der ein både reduserer kjøretid og utslepp. Prosjektet er kalkulert til om lag 2,6 mrd.kr.

- Bygging av nye Haukelitunnelar vil vere eit miljøtiltak av relativt stor betydning. Ein SINTEF-rapport dokumenterer til fulle samanhengen mellom hogdeforskjellar og svingete veg på den eine sida og drivstoff – forbruk og utslepp av klimagassar den andre, heiter det i ein uttale frå selskapet til Nasjonal transportplan 2010 – 2019.

## SAKNAR INVESTERINGSMIDLAR

- AS Haukelivegen støt forslaget i NTP om auka vekt på drift og vedlikehald, som sikrar eksisterande realkapital, men aksepterer ikkje at dette går ut over midlar til investeringsprosjekt, vert det sagt i uttalen.

Haukelivegen meiner det i dag er eit stort etterslep både på vedlikehaldssida og på investeringsida. Dei krev no at totalramma for samferdselssektoren blir auka med minst 60 prosent for å ta ut ein del av etterslepet og peikar på at det truleg må arbeidast fram finansieringsformer der meir ressursar til infrastrukturbygging blir lagt til grunn.

## PRIORITERER E134

Haukelivegen krev elles i denne uttalen at ny E134 ved Røldal/Haukelifjell blir realisert i perioden og at det eine delprosjektet, ny Haukelitunnel, vert realisert først. Dei legg også vekt på at tunnelen Århus – Gvammen og ny veg gjennom Kongsberg må realiserast i perioden. Haukelivegen viser også til at naboprojekt som Rogfast, parsell og Rv36 gjennom Skien og Porsgrunn, og Rv23 Drammen – Drøbak må realiserast. Ein peikar vidare på at arbeidet med bommegeprosjektet for E134 – Rv36 i Telemark må halde fram. Og det blir foresett at staten kjem med nok midlar til dekning av den statlege delen av Haugalandspakken.

## Vestlandsrådet uroa over Nasjonal Transportplan

Vestlandsrådet er sterkt uroa over forslaget til Nasjonal transportplan, skriv NPK. Rådet er spesielt uroa over investeringsramma for riksveg og framtidige regionveg i vestlandsfylka.

- Slike rekordlave rammer vil få uheldbare konsekvensar for utvikling av kommunikasjonar og samferdsel på Vestlandet, heiter det i eit vedtak. Vestlandsrådet føreset at dei økonomiske rammene for Nasjonal transportplan 2010 - 2019 vert auka, og at denne auken går til satsing på strekningsvise investeringsiltak i transportnettet.

## Ferjeselskapa manglar sommarvikarar

Fleire ferjeselskapa slit med å skaffa sommarvikarar. Mest skortar det på styrmenn og maskinistar.



personalsjef Tor Kristiansen til NRK Møre og Romsdal. Personalsjefen meiner likevel at ferjeselskapet skal greia seg gjennom sommarmånadene takk vera hjelp frå mange pensjonistar. Også ferjeselskapet Tide Sjø slit med å få mannskapskabelen til å gå opp i sommar.

- Vi lyser ikkje ut så mange vikarstillingar sidan ferieavviklinga vår er teken med i vaktssystemet, men vi manglar ein del maskinistar og styrmenn, seier driftsleiar for ferjer, Torbjørn Havnerås. ©(NPK)

# Vil ha øyremerkte midlar



Foto: Harald Løland er prosjektleiar for IS Fjordvegen. (Foto: Judith Sorhus Littlehamar)

IS Fjordvegen krev no auka midlar gjennom Nasjonal Transportplan.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

IS Fjordvegen er eit interesseselskap for den viktige indre samferdselsåra som går gjennom dei tre fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Trass i at Fjordvegen ikkje er formell høyringsinstans har dei likevel vald å gi ein uttale til forslaget til Nasjonal Transportplan 2010 – 2019.

## KNYTER SAMAN TRE FYLKE

I uttalen vert det lagt vekt på at Fjordvegen gjerne ser at Rv 13 får stamvegstatus, som ein indre stamveg på Vestlandet. Dette gjeld Rv 13 gjennom Ryfylke frå Oanes i Rogaland til Røldal i Hordaland i knutepunkt med 134. I tillegg til Rv 13 frå E16 ved Vinje i Hordaland til Vangnes/Hella/Dragsvik.

- Dette framlegget til fjordstamveg knyter saman tre fylke, tre – fire regionar med linkar til fem stamvegknutepunkt, heiter det i uttalen.

## VIL HA AUKA MIDLAR

Når det gjeld ulike vegprosjekt er IS Fjordvegen godt nøgde med at Vossapakken og Hardangerbrua i forslaget til NTP vert prioriterte i for-

ste fase. Interesseselskapet forventar også i følge uttalen at Ryfylkepakken, arbeidet med tunnel under Vikafjellet og Oddapakken vert teke inn i NTP-forslaget med oppstart i planperioden. IS Fjordvegen legg også vekt på at nye tunneløysingar utanom Røldal på E134 er viktige. Det overordna målet er gul stripe som hovudvegstandard på Rv 13.

IS Fjordvegen forventar også at Turistvegkontoret prioriterer fullføring av tiltak langs oppstarta Tuirstvegstrekningar langs Rv 13, Ryfylkevegen, Tyssedal – Kinsarvik og Gaularfjellet. I uttalen konkluderer ein også med eit krav om at den statlege ramma for transportsektoren vert heva med 50 prosent i høve til gjeldande transportløyvingar i NTP 2010 – 2019.

## KREV 1 MILLIARD

- Rv 13 har fleire av dei mest rasutsette og utrygge vegstrekningane i landet. Berre for å nemna Vangnes – Vik, Myrkdalen, Granvinsvatn, Brimnes, Deildo, Låtefoss – Skarde, Brattlandsdalen, Tysdalstranda og Osberg. IS Fjordvegen meiner at det ikkje er tid å venta på rasulukker på Rv 13 og krev minst 1 milliard til øyremerka rassikringsmidlar kvart år i planperioden, heiter det i uttalen.

(Illustrasjonsfoto: Jan Nordtveit)



ABC  
Startsida

Vel [www.startsida.no](http://www.startsida.no) som di nye startside. Meir info her: [www.startsida.no/egen](http://www.startsida.no/egen)

## Samferdsle

# Plassér den norske formua i veg

**Robuste bu- og arbeidsregionar er avgjerande for distriktsnøreg. - Då treng me ei større satsing på infrastruktur enn det Stoltenbergregjeringa signaliserer i NTP, sa Olav Bratland og får støtte frå Nils Terje Furunes i Dnb Nor.**

EINAR SCHIBEVAAG  
einar@norsk-plan.no



Fylkesordførar Olav Bratland i Møre og Romsdal fylke meiner det ikkje er evna til å investera i veg det skortar på, men det kan synast som det er viljen. (Foto: Einar Schibevaag)

- Investeringar i veg fører ikkje til auka forbruk slik regjeringa hevdar, men til ei omrokering av landet si formue, meiner Nils Terje Furunes. Det var under ei samling i regi av Samspleis as fylkesordførar Olav Bratland i Møre og Romsdal fylke utfordra regjeringa

-Vår Herre hadde ein god dag då han skapte Møre- og Romsdal, men du verda han gjorde det vanskeleg for oss å vera i lag, forsette Bratland.

Næringslivet vårt skal ha varer inn og ut av fylket vårt kvar einaste dag og dei treng ein større marknad å henta arbeidskrafta frå. Derfor er det ingen ting som er viktigare for dei enn å få ei større satsing på betre infrastruktur. Det vil styrkja næringslivet og dermed

arbeidsplassane i konkurransen med ein internasjonal marknad.

## KORREKT INFORMASJON

- Ein byggjer ikkje Roma på dagen med den farten regjeringa legg opp

til. Me er heilt nøydd å få fram ei anna verkelegheit same kven som styrer landet frå hovudstaden enn regjeringsskapsapparatet sine egne rådgjevar, sa Bratland

## EI OMLASSERING

Det er svært viktig å investera i infrastruktur og humankapital og på den måten bidra til høg produktivitetvekst og effektiv bruk av arbeidskrafta, meiner Furunes. Derfor er det heilt feil å seia at investering i veg er det same som auka forbruk til landet.

Ei investering i til dømes Kvisvegen frå Volda til Horningdal fører ikkje til at forbruket til landet aukar, men me omplasserar staten si formue.

## VEIT SVARET SJØLV

- Er me best tent med eit godt utbygd land og litt mindre på bok i utlandet - eller eit litt svakare utbygd land og meir på bok i utlandet?, spurde Furunes og svarte eit rungande ja.

Furunes peikte på at den globaliseringa og importen av arbeidskraft me nå ser i verda reduserer kapasitetskranker og dempar presset på pris. Ei satsing på infrastrukturinvesteringar i oppgangstider gjer det lettare å møte vanskelegare tider seinare for næringslivet.

## ARBEIDSKRAFTA FINNEST

Sjølv om det for tida er stor mangel på bygningsarbeidarar, er det ledig kapasitet innan anlegg, noko Maskin-entreprenørenes forbund stadfester overfor LNK avisa.

- Ikkje minst om me ser utanfor Noreg. Talet tilsette i bygg og anlegg i Tyskland er redusert med over ein million personar sidan midten av 90 - tallet til om lag to og ein kvart million nå.


Furunes meiner at arbeidet med NTP bør og utnytta slakken som er i konjunkturane som vil kome om den ikkje alt er der. Ideelt bør ein ha ei liste over høgt prioriterte prosjekt som kan setjas i gang på kort varsel

## 30 ÅR BAK NABOEN

Noreg er eit av dei landa som er mest avhengig av bilen i den daglege donnen. Likevel manglar Noreg moderne stamveggar mellom landsdelane. Og det skjer trass i svært mange bompengeprosjekt.

- Det bør vera eit mål å ta att forspranget Sverige og Danmark, som ligg tretti år føre oss i infraturbygging, har. Det blir neppe lettare å vente, sa Furunes som er konsernkonomi DnB Nor.

Atnasjøen og Rondane sett frå Sohlbergplassen, Nasjonal Turistveg Rondane. (Foto: Jørn Hagen for Statens vegvesen)



**Til hausten blir vegen mellom Enden og Follidal ved Rondane opna som den sjette av 18 nasjonale turistveggar. Atnasjø kafé har alt auka omsetjinga kraftig.**

SIGBJØRN HØIDALEN  
sigb-ho@online.no

På Sohlbergplassen langs Rondanevegen får du den same utsikta som nyrromantikaren Harald Sohlberg hadde då han i 1914 måla det kjente biletet "Vinternatt i Rondane", med dei blå rondanefjella i syningom. Sjøelveplassen, med ei svevande betongplattform som føyar seg mellom og rundt furuskogen, stod ferdig i 2006 og er designa av arkitekt Carl-Viggo Hølmekbakk.

Like i nærleiken ligg Atnasjø kafé.

- Sjølv om vegen her ikkje får offisiell status som nasjonal turistveg før til hausten, har den blitt marknadsført som nasjonal turistveg på internett. Dette har utlendingane fått med seg. I juli i fjor hadde me 60 prosent høgare omsetjing enn året før, fortel kafédriar Erik Hermansen.

## SKEPSIS PÅ JÆREN

Andre stader har turistvegoppdraget til Statens vegvesen møtt motstand. I Hå kommune på Jæren var det protestar kring sprelske forslag til design av ein rasteplass. Det blei òg frykta at statusen som nasjonal turistveg ville stikke kjeppar i propellane for ei vindmølleutbygging.

- No har me hatt møte med dei på Jæren, og skepsisen er snudd til entusiasme, seier informasjonsrådgje-

# Naturromantisk vegdesign dreg turistar

var Per Kollstad ved turistvegkontoret i Statens vegvesen.

- Målet med nasjonale turistveggar er å syne fram det beste av norsk arkitektur i det beste av norsk natur. Heilt ny design av rasteplassar og utikkpunkt kan verke framandarta i starten, men erfaringsmessig blir dette populære turmål. Kravet vårt er dessutan at arkitekturen skal vere tilpassa stemninga på tomta, held han fram.

- Kva med restriksjonar på utbygging av til dømes vindmøller?

- Turistar som kjem til Noreg vil sjå norsk natur og oppleve tradisjonelt kulturlandskap. Kjem det store anlegg langs ein nasjonal turistveg som forstyrrar dette, må me vurdere å ta turistvegstatusen tilbake, svarar Kollstad.

## STORTROMMA KLAR TIL 2011

I perioden 1999 til 2005 plukka Statens vegvesen ut 18 veggar frå Jæren

til Varanger som byd bilturistar på ekstraordinære naturopplevingar. I Nasjonal transportplan har etaten sett av til saman 1,2 milliardar kroner for å fifte vegane opp, og til no er Sognefjellet, Gamle Strynefjellsvegen, Helgelandskysten nord, Hardanger og Lofoten stempla inn.

- Regjeringa har gitt oss frist til 2012 med å byggje ut stoppunkt langs kvar av dei 18 vegane. Då skal òg all skilting vere ferdig. Me snikrar og støyper som planlagt, fortel Kollstad.

I tillegg til vegvesenet sine budsjett er det meininga at kommunane og fylkeskommunane spytter inn til saman 250 millionar kroner i turistvegane. Det er òg rekna med at private aktørar vil satse minst 600 millionar på overnatting, mat og opplevingar.

- Ei stor utfordringa framover blir å få dei lokale kreftene meir på banen. Vegvesenet kan å planleggje og byggje veggar, men me er dårlige

på turistutvikling og marknadsføring. Langs vegen Geiranger - Trollstigen held ein privat investor no på å setje opp eit unikt landskapshotell. Slike initiativ treng me fleire av for at turistvegatsatsinga skal gje full uttelling, seier Kollstad.

Det overordna målet til dei styrande makter er å trekke fleire bilturistar til distrikts-Noreg, for å skape arbeidsplassar og styrke busetjinga.

- Hausten 2011, når alle skilt skal vere skrudd opp, slår me på stortromma for å gjere vegane verkeleg kjente. Kor godt me lukkast, får me vel ikkje svar på før kanskje i 2020, fem år etter at prosjektperioden er over, held Kollstad fram.



"Den frugnaste av alle vokstrar er mosen"

Ordtak frå Rasmus Løland

Kommunalbanken finansier lokale løysingar

- den leiande finansieringsinstitusjonen i kommunemarknaden

**KBN** Kommunalbanken Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01 www.kommunalbanken.no

I meir enn 80 år har me hjulpet kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.

«EG ØNSKJER MEG EIN BARNEHAGE DER DEI VAKSNE LES, FORTEL OG SYNG FOR UNGANE MINE»

**Pirion**

Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion  
Abonnementet kostar 175 kroner (Studentpris: kr 145,-). Nye tingarar får også tilsend nr. 4/2006. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Namn:

Barnhage:

Adresse:

Postnummer:

Poststad:

Telefon:

E-post:



Pirion er eit kulturelt alternativ i ei tid prega av kommersiell kulturindustri og straumlinjeforma marknadsføring. Pirion kjem med 4 nummer i året: februar, mai, august og november.



Du kan og tinga Pirion per e-post: pirion@norsk-plan.no

www.pirion.no



# Melankoliar i vårsol

INGRID HILLESTAD  
ingridhillestad@hotmail.com

**V**i møtes på ein kafe i eit av dei hanseatiske husa i Bergen. Der nyt vi utsikt over Vågen og folkelivet. Det er festspel, sol og nordvind i lufta. Grytten kjem rett frå kontoret sitt lenger oppe i gata. Han orsakar seg, det er så mykje administrativt å ordne med for tida. Han legg ikkje skjul på at han saknar meir tid til å skrive. Han er så smått i gang med ein ny roman, fortel han. Han luftar nokre førebelse tankar og idear. Forfattaren avslører at folka han skriv om blir eldre og meir reflekterte, som han sjølv. For den førre boka hans som kom i fjor, novellesamlinga *Rom ved havet, rom i byen*, har han nyleg motteke prisar: Melson-prisen og Nynorsk litteraturpris. Det har blitt ein del av dei etterkvart, utan at dette på nokon måte har blitt ein vane.

## GLAD I PRISAR

- Det er kjekt å få prisar, stas, eg blir glad. Når eg får ein pris, veit eg at boka er lesen av nokon som les anleis enn dei som lagar dei første bokmeldingane. Dei les hurtig. Juryane har betre tid, seier han.

- Treng bøkene dine langsam lesing?

Han svarar stadfestande og viser til den siste novellesamlinga si, der han let seg inspirere av måleri av Edward Hopper:

- Forteljingane er skrivne til kvarandre. Det er likevel nødvendig med eit opphald mellom dei. Folka eg skriv om har blitt eldre og klokare. Dei er meir erfarne. Men det betyr ikkje at dei berre gjer kloke ting, held forfattaren fram.

Han reflekterer vidare over det med å få prisar, at det er godt å få ei slik omfamning, å bli sett, det er vel noko alle set pris på. Samstundes set prisane visse grenser rundt han, dei høyrer til noko som er gjort. Dei skapar også eit visst press og ei forventning.

- Når folk gjev deg prisar, må du halde fram med å skrive på same nivå, eller betre.

## LEVER SITT EIGE LIV

Medan Grytten tar i mot prisar for fjorårsboka og syslar med tankar til

ein ny roman, har ei anna bok for lengst byrja å leve sitt eige liv: Det er no ni år sidan suksessen Bikubesong kom ut, og boka blir stadig omsett til nye språk og sett opp ved små og store teater både i inn- og utland. Den novellistiske romanen, der alle historiene er henta får den såkalla Murboligen i Odda, trefte eit eller anna i folk. Kan hende blir dei også snart film: Bjørn Olaf Johannesen har alt laga manus, og Margreth Olin er aktuell som regissør. Det gjenstår berre å skaffe pengar.

- Har suksessen endra romanen?

- Historiene endrar seg alt etter kven som tar dei i bruk. Det er som når vi nyttar ulikt avspjelingsutstyr: lyden og tonen endrar seg. Klangen i romanen kan endre seg. Det er både positivt og negativt. Alle som tar tak i romanen, gjer det av kjærleik. Det var også overskot og glede som bar stykket då det gjekk på Det Norske Teater, fortel forfattaren.

Eg spør om dette harmonerer med den klangen han sjølv la i historiene då han skreiv dei. Grytten svarar med ein smule sarkasme:

- Eg er i mot overskot og glede. Eg er ein vestlandsk gledesrepar og ein melankolsk svart-kvitt mann. Livet er komplisert, det er stadig ein mørk klangbotn der. Viss denne er vekke i litteraturen, blir han falsk. Då blir det propaganda, meiner han.

## EIT SPARK MOT POLITIKARANE

- Kvar kjem melankolien frå, har han noko med oppveksten i Odda å gjere?

- Det er samansett. Det er ikkje berre melankoli i Odda, der finst og ein fandanivolds humor og ein rebelsk språkvilje. Eg kjenner igjen denne viljen til å underminere alt mogleg i språket frå andre industristader, seier han, og nemner mellom andre Nottingham, Glasgow og forstader rundt Paris.

Han meiner det har vore eit privilegium å få vekse opp i Odda. Derfrå har han fått historier, tilgang til norsk historie og eit eige språk rett i fanget. Han kjem samstundes med eit aldri så lite spark når det gjeld politikarane si vilje til å satse på Odda:

- Med den kraftpolitikken som er i dag, lever industrien i Odda på lånt tid. Der er ikkje vilje til å satse på industri. Smelteverket er konkurs og industrien er snart historie. Dette er del av ei global utvikling, men politi-

karane kunne stilt opp og tatt initiativ, meiner han.

Grytten klandrar politikarar generelt for å ha gjeve seg hen til marknadskreftene og massemedia, i staden for å drive politikk.

- Odda har gjeve enormt til storsamfunnet, men får no ikkje hjelp tilbake. Dei amerikanske eigarane reiste frå staden på feigaste vis og eit stort sår er alt som er att. Dette splittar bygda. Statlege styresmakter burde sagt at her er eit problem for stort for dykk å løyse. Dei burde i det minste kartlagt miljøproblema. Ein oppryddingsaksjon burde funne stad for lenge sidan, men politikarane let det skure og gå.

Trass i nye tider og utfordringar, har forfattaren tru på Odda si framtid.

- Der er eit enormt potensiale. Odda var ein turistmagnet før industrien kom. Alt som var der då, er der framleis, i tillegg til industrihistoria, påpeikar han.

## UVANLEG BIBLIOTEK

Grytten er ikkje åleine om å vere forfattar frå Odda. Han er i selskap med namn som Marit Eikemo, Lars Seljestad og Knut Olav Åmås.

- Kvifor kjem så mange skrivande frå Odda?

- Det er nok litt tilfeldig, men og grunnar til det, svarar Grytten.

Han gjev ei stor ære til biblioteket han vaks opp med. Der fekk han tilgang på bøker, musikk og kunst frå ein uvanleg driftig og modig bibliotekar: Dordei Raaen.

-Ho dreiv tøff lobbyverksemd overfor politikarane. Ho misjonerte tanken om at vi trengte basiskunnskap og allmenndanning, seier han og dreg ein parallell til kommunale kulturtilbod i Odda i dag. Dei lir under dårleg kommuneøkonomi. Kulturskuletilbodet strauk politikarane med eit pennestrok før jul.

- Er det viktig for deg å skrive nynorsk?

- Eg debuterte på bokmål, men har halde meg til nynorsk sidan. Eg var frå ein språkschizofren plass. Foreldra mine kom utanfrå, så dei plasserte meg på ein bokmålskule. For meg er det likevel meir naturleg å skrive nynorsk. Det er nærmare munnleg. Seinare har dette blitt ei haldning: nynorsk er eit minoritetsspråk. Det fortel om kvar du står og kven du held med.

**Det fandanivoldske språket har Frode Grytten frå Odda, fridomen kom med punkmusikken og verdien av det kvardagslege oppdaga forfatteren medan han hørte på Morrissey.**

## Språkråd



Jan Olav Fretland  
- førsteamanuensis i norsk -  
medlem av Norsk språkråd

## Nynorskfjas?

Av og til blir eg heilt oppgjeven av kva som står på trykk om nynorsken. Eg har hatt ein slik smådeppa periode no nokre veker. Eg har sjølv vore med og sett i gang ein debatt der eg har meldt ønsket om å få ei enklare og tydelegare norm for nynorsken. Eg har og skrive og sagt så høgt eg kan, at nynorsken uansett er mitt språk og det beste språket eg veit. Dei fleste av oss som diskuterer korleis nynorsken skal sjå ut, held oss på den sida: Kjærleiken til nynorsken er sterk.

Så dukkar det opp ein og annan frå riksmålsida som græt krokodilletårer over at nynorsken dessverre ikkje er god nok. Så passar dei på å nemna at det er allfor mykje nynorsk i media og skulen og elles. Bokmålet blir undertrykt, stakkars! Professor Finn Erik Vinje er ein typisk representant for desse synspunkta. Dette er i og for seg greitt, heilt normalt. - Riksmålsfolket elsker landsmålet som slaktaren elsker lammet, sa visst Hovden ein gong.

Verre blir det når eg les innlegg på innlegg av folk frå mitt eige fylke som forkyner at nynorsken er ubrukeleg for dei, dei er moderne menneske som byen har bruk for, dei gjev blaffen i identitet og slikt gammaldags prat. I våre dagar «shoppar» ein identitet og skriv det som passar ein. Slike superhippe folk har berre forakt til overs for oss som arbeider med nynorsk. Målfolk vasar rundt med nynorskfjas og snakk om «utopiske realitetar», skrivar ein skribent som heiter Anne Viken i Firda her om dagen. Og ho nektar seg ikkje for å bruka god gammaldags hersketeknikk mot kvinner når ho raljerer med «den 18 år gamle nye leiarer i målungdommen». Skrulete fjasefant blir ho og kalla, og Viken forkyner med mektig kraft at ho har sterk støtte blant professorar og språkforskarar. Som språkforskar må eg vedgå at eg kjenner ikkje stort andre enn professor Vinje som kunne gå god for slikt fjas.

- No må eg inn att og administrere meg sjølv, seier Grytten, før han forsvinn inn kontordøra, plassert midt mellom to store vindauge.

Nei, eg blir ikkje smådeppa, eg blir fortørna. Sint, rett og slett!

# Planlegg nasjonalt senter for barnekultur

Rasmus Løland – markeringa og Ryfylkemuseet ynskjer å etablere eit nasjonalt senter for nynorsk barnekultur på Sand i Ryfylke med opning i 2011.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR  
judith@norsk-plan.no

- Barnekultur har ikkje same status som vaksenkultur, dette ynskjer ein å gjere noko med ved å etablere eit senter for barnekultur i Ryfylke. Målet er å skape interesse for å utvikle norsk barne- og ungdomskultur og litteratur med utgangspunkt i lokal identitet og kulturforståing, seier dagleg leiar i Rasmus Løland – markeringa Marny Skeie Henkel.

Både ho og direktør ved Ryfylkemuseet Roy Høibo viser til at senteret bygger på målsetjingane i forprosjektet til Rasmus Løland – markeringa, der det heiter at målet er å etablere eit senter for nynorsk barnekultur og litteratur, samstundes som ein ynskjer å utnytte og utvikle det kunstnarmiljøet som er knytt til den intellektuelle kretsen av menneske som budde i miljøet kring Lølandsstova ved Asker Museum.

Det er no utarbeidd skisse til prosjektet som skal til behandling i dei to styra i løpet av denne våren.

## OPNING I 2011

I skissa til prosjektet ser ein føre seg at det såkalla Rasmussensjøhuset i Nordenden på Sand kan bli gode lokale for senteret, ikkje minst fordi den geografiske avstanden til Ryfylkemuseet då ikkje vert lenger enn at ein form for samdrift er mogleg.

- Ein må setje seg mål og arbeida fram mot desse. Det er realistisk å tenkja seg opning av senteret i 2011. Det føreset at alle partar drar lasset i lag og i same retning. Senteret er tenkt organisert som ein del av Ryfylkemuseet som sit på ein stor kompetanse og vil vere svært høveleg stad for utvikling av senteret. Barn og unge er også satsingsområde for museumspolitikken



Rasmussensjøhuset på Sand kan bli nasjonalt senter for barnekultur. (Foto: Judith Sorbus Littlehamar)

til Kultur – og kyrkjedepartementet, seier Henkel.

Også Høibo meiner ein bør klare å opne senteret om knappe tre år.

- Men dersom me ikkje får gjennomslag der det er naudsynt i første forsøk vil det fort bli forseinkingar, seier han.

## LØLAND OG GARBORG

På lenger sikt er det også skissert eit samarbeid mellom barnekultursenteret på Sand og det planlagde Garborgsenteret på Bryne. Roy Høibo er overbevist om at dette vert eit samarbeid som tener begge parter.

- Arne Garborg betydde mykje for Rasmus Løland, og Arne og Hulda Garborg var naboar og nære vener

då Rasmus Løland busette seg i Asker. Det er såleis mykje som talar for å sjå diktarane i ein samanheng. Og medan Garborg skreiv vaksenlitteratur, vart Løland best kjent for barnelitteraturen sin. Me trur eit samarbeid om å halde kunnskapen om desse diktarane varm vil vere ein styrke for begge partar, og at dei to sentra vil utfylle kvarandre, meiner han.

## NETTBASERT RESSURSSENTER

Henkel har også allereie ei klår formening om kva rolle dette senteret bør spele.

- Me ser for oss at dette skal vere ein base der alle som arbeider med barn og unge kan ause frå. Det handlar om å vere eit ressurscenter for formidling

av kultur for barn. Mykje av dette vil naturleg nok vere nettbasert. Me ser ikkje for oss store folkevandringar til Ryfylke. Barnehagar, skular og kulturskular vil vere nære samarbeidspartnarar. Tidleg språkstimulering er viktig for livslang læring og god, tilgjengeleg litteratur er ein føresetnad for å få dette til, meiner ho.

Til hausten vert det arrangert ein oppstartskonferanse der ein ynskjer å diskutere vegen vidare saman med ein del personar som er opptekne av born og formidling av kultur til born.



Mats Kastellet (7) og mor Kathrine er nøgde med det første året i nynorskklasse på Våland skule i Stavanger. Pådrivar og far til førsteklasing Tilda, Terje Torkildsen, har fått målblom saman med Lise Lunde Nilsen for arbeidet med nynorsk på Stavangerskulen. (Foto: Toyni Tobekk)

# Vel nynorsk for barna

**To familiar med barn i nynorskklasse midt i bokmålskommunen Stavanger. Både er fornøgde med valet dei har tatt for barna, men motivasjonen for å velje slik har vore ulik.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

- For oss kom dette med nynorskklasse heilt tilfeldig på banen i fjor, då sonen vår Mats skulle byrje i første klasse på Våland skule, fortel Kathrine Kastellet, mor til Nora (10), Mats (7) og Emil (4). Verken ho eller mannen hadde tenkt på å søkje om å få oppretta nynorskklasse, men dei hadde veldig god erfaring med nynorskundervisning. Storesøster Nora – då tredjeklassing – hadde fulgt lærar Lise Lunde Nilsens fleirårige Haugtussa-prosjekt med dialekttilpassa skriveopplæring, og foreldra var svært nøgde med resultatet.

## FÅR BOKMÅL GRATIS

- Både eg og mannen min er bokmålsbrukarar. Men då ein annan forelder tok kontakt og spurte om vi var interesserte i å vere med og danne ein nynorskklasse, så blei vi interesserte.

Det hjelpte sjølvsagt på at Mats sjølv var lysten på å starte i nynorskklasse, fortel Kastellet, som medgjer

at det kan vere ei utfordring for bokmålsforeldre å følge opp.

- Men vi har tru på at det er nyttig å få nynorsken inn frå starten av. Bokmålet går dei uansett ikkje glipp av, seier Kastellet, som no har eit barn i kvar leir. Mats er stolt av å gå i nynorskklasse, fortel mora. Det er ikkje slik at dei som går i nynorsklassen blir sett på som særre, viss nokon skulle tru det.

## MORSMÅLET

Terje Torkildsen, far til førsteklasingen Tilda, meiner det er stor skilnad på haldninga til nynorsken i og utanfor byen. Han opplever at mykje av den aggressive haldninga som finst til målforma held til ute i randområda. Det gjeld for så vidt ikkje berre nynorsken, men like mykje korleis vi taklar og behandlar ulikskap, meiner han. Torkildsen har heile tida vore bevisst på at han ønskte å få dottera i nynorskklasse og har vore ein pådrivarane for å få det til. Han var sjølv elev ved Våland skule i barndommen og opplever nynorsken som sitt morsmål.

## ROSER VÅLAND

- Eg har vore aktiv i arbeidet for å få oppretta nynorskklasse og kjente godt til kva som måtte til, fortel Torkildsen. Han og dei andre eldsjelene byrja allereie eitt år for skulestart med å snakke med foreldre dei viste kunne vere interesserte, og så arrangerte dei eit informasjonsmøte.

- Skulen kan ikkje ha ei aktiv rolle i denne jobben, fortel Torkildsen. - Dei skal ikkje oppfordre til verken den eine eller andre målforma.

Torkildsen berømmer Våland skule for å ha vore svært ryddige i prosessen som resulterte i at 15 elevar byrja skuleåret 2007/08 på Våland som nynorskelevar. Det var første klassen på fem år, og Torkildsen opplever at fleire av lærarane på skulen ønskte å ha nett denne klassen

## MINST TI MÅ VELJE

For å få oppretta ein nynorskklasse er det krav om at foreldra til minst ti elevar krev det. Foreldra vel målform for barna sine gjennom innskrivings-

skjemaet, men ifølgje nettstaden nynorskklasse.no er ikkje dette valet bindande, slik at det er råd å ombestemme seg for skulestart. Rettane til å få oppretta parallellklassar er nedfelt i Opplæringslova.

Både Kastellet og Torkildsen har barn som ikkje har byrja på skulen enno. Medan Terje Torkildsen er sikker på at det må bli nynorskklasse for vesle Tale på 4, så har ikkje foreldra til Emil bestemt korleis det blir for guten som kjem til å byrje eitt år før Tale. - Eg veit ikkje om eg kjem til å bli ein aktiv pådrivar, men vi har så god erfaring med nynorskklasse, at opne for det vil vi nok vere, seier Kathrine Kastellet.

## § 2-5. Målformer i grunnskolen (utdrag)

- Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

- Når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar igjen i denne gruppa. Når elevane er spreidd på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skole tilbodet skal givast ved.

Heile lova finst på <http://www.lovdatab.no/all/nl-19980717-061.html>.





# Å kryssa ein fjord...



...er eit stort mål for mange. Det gir framtidstru og vekst. Kommunekreditt vil at det skal bli lettare å kryssa fleire fjordar. Gjennom femten år har me vist vilje til å finne gode løysingar for kommunenoreg, slik at midlane strekker lenger.



Beddingen 8, 7410 Trondheim  
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)  
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81  
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

# Bankar satsar på forsikring

14 frittstående bankar har no gått inn på eigarsida til Frende Forsikring. Forsikringselskapet skal sikre bankane ei meir stabil inntekt.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Bakgrunnen var at dei fire frie sparebankane; Sparebanken Vest, Fana Sparebank, Sparebanken Øst og Helgeland Sparebank sysla med tanken på å starte eige forsikringselskap. Dei ynskte å auke banken sine såkalla andre inntekter. Og dei såg at skadeforsikring gav god lønns- emd, seier administrerende direktør i Frende Skadeforsikring, Bjørn Thømt til LNK-avisa.

I dag er det 14 frittstående bankar inne på eigarsida i forsikringselskapa Frende Livsforsikring og Frende Skadeforsikring. Den siste som gjekk inn som eigar er Sparebanken Sør. Forsikringselskapa vart lansert våren 2008.

Me syns det er veldig spanande å få vere med på noko nytt og unikt som å etablere to nye forsikringselskap heilt frå starten av, seier administrerende direktør Morten Kraft i Sparebanken Sør i ei pressemelding. Bjørn Thømt viser til at dette ikkje kan sjåast på som eit distriktsvennleg prosjekt, men legg samstundes vekt på at dette kan føre til at dei mindre bankane ute i distrikta står sterkare økonomisk. Det geografiske målet med bedriftene er derimot meir omfattande.



Administrerende direktør i Frende Skadeforsikring, Bjørn Thømt har som mål å gjera Frende til eit nasjonalt selskap (Foto: Frende Forsikring)

Målet er å bli eit nasjonalt selskap, seier Thømt og legg vekt på at denne satsinga kan bli ein vesentleg bidragsytar i det bankane ser på som andre inntekter. Det vil også kunne binde opp kundar og føre til høgare lojalitet, meiner Thømt.

## Frende Forsikring

Desse bankane er med i Frende Forsikring:

- Sparebanken Vest
- Fana Sparebank
- Helgeland Sparebank
- Sparebanken Øst
- Haugesund Sparebank
- Skudenes & Aakra Sparebank
- Sauda Sparebank
- Flekkefjord Sparebank
- Søgne og Greipstad Sparebank
- Sparekillingsbanken
- Sparebanken Sør
- Lillesands Sparebank
- Voss Sparebank og
- Luster Sparebank

## Ber ordførarane om hjelp

Miljø- og utviklingsministeren har sendt ut eit postkort til alle landets ordførarar der han ber kommunane bidra aktivt til bevaring av arts- mangfaldet. Kvar kommune har fått eit unikt kort med bilde av ein art frå sitt område som dei blir bedne om å ta ekstra godt vare på.

Noreg har forplikta seg til å stanse tapet av artsmangfald innan 2010. Skal vi lukkast må ordførarar og kommunar vere med på dugnaden. Denne postkortaksjonen er meint å vere ein vekkar som bidreg til å sette tapet av mangfald i naturen på kartet, seier Solheim.

I samband med postkortaksjonen er det lagt ut ein del informasjon på Direktoratet for naturforvalting sine nettsider om kva kommunane kan gjere for å ta omsyn til trua plante- og dyreartar.

Noreg har om lag 60 000 registrerte plante- og dyreartar. Av desse er 3 000 på lista over utryddingstrua artar, såkalla raudlisteartar.

Ordførarar i heile landet har fått kort frå Erik Solheim med opp- moding om å verne ein truga art i sin kommune. Her er kortet som er sendt til ordførar Gerd Dvergsdal i Jølster kommune.

Kjære ordfører Gerd J. A. Dvergsdal i Jølster kommune!

Kongeørn som du ser bilete av på dette kortet er ein nær trua art og den står difor på Norsk Raudliste. Kongeørn har leveområde i din kommune. Takk for innsatsen for å ta vare på naturmangfaldet i kommunen din så langt!

Verda missar plante- og dyreartar raskare enn nokon gong. Rundt 2000 artar står i fare for å forsvinne frå norsk natur, blant anna fordi vi øydelegg leveområda deira. Noreg har som mål å stanse tapet av naturen sitt mangfald innan 2010. Å ta vare på artar og naturtypar er ikkje ein jobb eg kan gjere aleine – eg trenger di og kommunen si hjelp for å nå målet.

I samband med dette har eg vald ein art for kvar kommune som eg håpar de vil vere spesielt merksame på. Arten er har vald kan stå som døme på kommunen sitt naturmangfald. Den er ein representant for det rike naturmangfaldet vi må stå saman om for å ta vare på.

På www.dirnat.no/kommuneartar finn du meir informasjon om din kommune sine spesielle art, og tips om korleis de kan ta vare på den.

Med vennleg helsing

Erik Solheim

Miljø- og utviklingsminister



Kongeørn (Aquila chrysaetos)

Kongeørn hekkar i store delar av landet, også ute ved kysten. Den har tilhald i høgareliggende skog- og fjellstrøk, og den manglar i dei sørvestlege delene av landet. Kongeørn har i dag ein stabil bestand her i landet. Men den er sars var for naturinngrep og for å verta una ved reiset, og den er framleis utsett for faunakriminalitet. Kongeørn er rekna som "nær trua".



## – Minoritetskvinner på ingen måte integrerte

I arbeidet med debattboka «Tause skrik» har afghanske Farida Ahmadi møtt mange ikkje-vestlege kvinner og fått dei til å fortelja om kvardagen sin i Noreg. Resultatet er ein sterk kritikk av norsk integreringspolitikk.

Ikkje-vestlege minoritetskvinner har oppsiktsvekkjande mykje dårlegare helse enn resten av befolkninga, dei har ein elendig økonomi, store problem med å skaffe seg jobb, og dei har ofte butilhøve svært få nordmenn ville akseptere. Dei er på ingen måte integrert i det norske samfunnet, og ifølgje Farida Ahmadi vil dei heller aldri bli det om ikkje Noreg tenker heilt nytt i integreringspolitikken.

Ahmadi er sosialantropolog frå Universitetet i Oslo og har ei avbroten legeutdanning frå Kabul. Ho kom til Noreg i 1991 som flykting.

I denne debattboka skriv ho om kva ikkje-vestlege minoritetskvinner erfarer i det nye heimlandet sitt. Kvinnene lengtar først og fremst etter ei generell anerkjening; dei ønskjer seg verdige liv, ekteskap utan undertrykking, eit nærmiljø dei ikkje treng å frykte, ein meingsfull jobb, og ein økonomi som gjer at dei kan gje barna sine det dei treng.

Å forstå dette behovet for anerkjening er nøkkelen til all integrering, skriv Ahmadi. (©NPK)

# Mot nye mål

11.500\* unike brukarar  
169.000\* sidevisingar i veka  
Oppdatert kvar dag



24.000\*\* lesarar  
måndag tysdag onsdag  
torsdag fredag

= større dekning



\* I snitt pr. veka \*\*Gallup 1/2007

...er eit stort mål for mange. Det gir framtidstru og vekst. Kommunekreditt vil at det skal bli lettare å kryssa fleire fjordar. Gjennom femten år har me vist vilje til å finne gode løysingar for kommunenoreg, slik at midlane strekker lenger. KOMMUNE KREDITT NORGE Beddingen 8, 7410 Trondheim (Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo) Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81 e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Bjerkreim



# Ventar storinnrykk til VM

**Bjerkreim kommune har berre 2 500 innbyggjarar, men meiner det skal gå greitt å ta imot 50 000 gjes-ter til VM i saueklipping. Første gong VM skal haldast utanfor det britiske samvel-det, skal det nemleg skje her.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

- Folk frå 30 land frå alle verdsdelar utanom Asia har meldt seg på til vart VM i oktober, fortel prosjektleiar i Bjerkreim, Elin Ravndal Bell. – Det er rekordmange deltakarland.

Med eit budsjett som etter kvart har kome opp i 10 millionar, satsar arrangørane derfor stort på at publikum vil strøyme til og leggje att litt etter seg. Den vesle kommunen Bjerkreim huser til dagleg 2 500 menneske. No håper dei at 20 - 30 000 deltakarar skal kome til VM. – Vi kan ta imot fleire óg, smiler Ravndal Bell. – Vi har dokapasitet til 50 000.

## OMLANDET ER STØTTESPELAR

No er ikkje kommunen heilt ukjende med å vere vertskap for store tilstelningar. Bjerkreimsmarken er ein landbruks- og næringsmarknad som har samla tusenvis av interesserte i ei årrekke, og marknaden har godt ry både i og utanfor Dalaneregionen. I år blir VM ein del av Bjerkreimsmarken. – Det er klart det er utfordringar knytte til å arrangere noko så stort som eit VM, medgjær prosjektleiar. – Alle tilreisande skal ha tak over hovudet og mat i kroppen. Med eit utstrekt samarbeid med nabokommunane om overnatting, skal



Stor på sau: Oppdal har status som den største sauekommunen i landet, men ingen slaktar meir sau enn Bjerkreim, fortel Elin Ravndal Bell. (Foto: Toyni Tobekk)

det la seg gjere skaffe husrom til alle, meiner ho. På VM-arenaen skal lag og organisasjonar selje mat frå morgon til kveld.

## BYTTER BORT SAUER

Det krevst mange timar med dugnadsarbeid for å få eit slik arrangement til å gå rundt. Ingen av delatkarane i prosjektet har vore med og arrangert

noko slik før, men somme av dei har vore på studietur i Australia for å sjå korleis VM vart arrangert der.

Som ein del av førebuingane arrangerte Bjerkreim eit prøve-VM i fjor, med godt resultat. Ein eigen hall har dessutan blitt bygd spesielt til VM, noko som prosjektet meiner kommunen vil nyte godt av i åra framover. – Vi har fått ein del offentlig støtte, forklarar Ravndal Bell. – Ut over

det har vi gávilde sponsorar og ei mengd frivillig arbeid å stø oss på.

Hennar erfaring er at det er lettare å få offentlig støtte viss eit prosjekt har støtte lokalt. Og det meiner ho det er liten tvil om at VM i saueklipping har. Sauene som skal klippast er gitt av bønder frå vertskommunen sjølv og frå nabokommunane Sirdal og Gjesdal. Men ingen har ville tatt betalt for lamma sine, fortel ho. Givrarane har bytta dei bort mot billetter

Bjerkreim



VM-prosjektleiar Elin Ravndal Bell  
(Foto: Toyni Tobekk)

til arrangementet. Heile 2 500 årslam går med når klipperane i oktober skal vise at dei kan klippe fort, fint og skadefritt.

## SKIKKELEG SHOW

VM i saueklipping vart første gong arrangert i Wales i 1977. Sidan har det vore avvikla omlag kvart anna år, for det meste i Storbritannia, Sør-Afrika, New Zealand og Australia. Til desse arrangementa kjem ihuga sauefolk i hopetal for å sjå klipperane

delta i kategoriane handklipping, maskinklipping og ullbehandling.

– Handklipping er ikkje særleg vanleg i Noreg, seier Ravndal Bell. – Vi har to norske klipperar som har kvalifisert seg til VM i år, Inge Morten Tronstad og Rolf Gravdal, og bade desse konkurrerer i maskinklipping.

Tradisjonelt er det menn som står sterkast når det gjeld klipping, medan kvinnene dominerer i ullbehandling.

– For mange er VM det kjekkaste dei er med om, anten dei deltek eller er tilskodarar, seier Ravndal Bell. Saueklippinga går raskt unna og kommentatorane kan lage eit veldig show ut av det heile, fortel ho. Kommentatorane kjem frå Noreg, Skotland og Irland.

Bjerkreim er for øvrig den nest største sauekommunen i landet med 18 812 vinerfora sau. Den største er Oppdal kommune i Sør-Trøndelag med sine 19 073 vinerfora sauer.

– Men fordi vi slaktar mest sau i landet, er det mange som meiner vi kan hevde at vi er den største sauekommunen i landet, seier VM-prosjektleiar Ravndal Bell.

# Ein resar med saks

## Noregs beste saueklipper bruker 48 sekund på å klippe ein sau. Det er i blinde.

Ni gonger Noregsmeister Rolf Gravdal (44) er ein av to nordmenn som skal delta i VM i saueklipping i Bjerkreim, og han har god tru på VM på heimebane.

– Eg har slått dei fleste av dei påmeldte før, seier sauebonden som har halde på som klipper i 28 år.

Konkurranseninstinktet er på plass allereie no, og slik må det vere skal ein nå opp, meiner Gravdal. Det er ikkje godt nok å vere nummer to. Den beste individuelle plasseringa hans i VM er førebels ein 13. plass.

## LANG SESONG

Gravdals personeleg rekord i saueklipping er 520 sauer på ein dag. Å klippe i blinde er derimot noko han gjer mest for moro skuld, og det er ikkje så dramatisk som det høyrer ut. Å klippe utan at sauen får skader er høgt prioritert.

– I VM er det viktig å klippe både fort og skadefritt, og kravet til tempo aukar etterkvart som ein kjem til semifinalen og finale, fortel Gravdal.

Sjølv kan han vise til ei lang merittliste når det gjeld klipping. Ved sidan av tilveret som sauebonde reiser han nemleg rundt og klipper sauer for andre. Og sidan stadig færre bønder klipper saue sine sjølve, kan det bli ein ganske lang sesong for klipperane.



Rolf Gravdal bar delteke i 7 VM sidan 1992. Både han, sonen Ulrik og prosjektleiar Elin Ravndal Bell er svært fornøgd med å få meisterskapen på heimebane. (Foto: Toyni Tobekk)

## Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle som er tilslutta LNK får sjølvstgt medlemspris. Be om LNK-pris neste gong du tingar rom.



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantz'gate 8, 0159 Oslo  
Tlf: 23 21 41 00  
booking@bondeheimen.com  
www.bondeheimen.com

## Bjerkreim

**Kommunenamnet** skriv seg frå Bjerkreim, bjørka sin heim.

Bjerkreim er ein innlandskommune i Sør-Rogaland på omlag 689 kvadratkilometer. Folketal per 1.1.2008 var på 2 539. Kommunesenteret heiter Vikeså.

Bjerkreim kommune er ein del av Dalane-regionen. Hovudleveveg er landbruk og industri. Bjerkreim-selva er ei av Rogalands største lakeselver.

Kommunen har inga eiga lokalavis, men kommunen gir ut eit enkelt nyheitsblad ein gong i månaden. Regionavisa Dalane Tidende oppfyller elles trongen for ei lokal avis for mange innbyggjarar i Bjerkreim.

Dei 17 representantane i kommunestyret fordeler seg slik:

Høgre	5
Senterpartiet	5
Kristeleg folkeparti	4
Arbeidarpartiet	2
Venstre	1

Ordfører: Marthon Skårland (H)

Varaordfører: Asbjørn Ramsli (Sp)

Rådmann: Inge H. Stangeland

## ABC Startside

Over 600.000 unike brukarar kvar einaste dag!

Noregs einaste nynorske startside

[www.startside.no](http://www.startside.no)

Bjerkreim



# Saman om energi

**Lokale firma i og kring Bjerkreim ønskjer å gå saman om å danne eit energisenter. Føremålet er å samle kompetansen kring energieffektivisering på eit brett.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

- Vi ønskjer at energisenteret skal danne leddet mellom forskning og praktiske gjeremål, forklarar dagleg leiar av Covent, den største av bedriftene som ønskjer å samlokalisere seg i energiparken langs Bjerkreimselva. – Vi skal ikkje drive med forskning sjølve, men i staden utvikle nye produkt for varmestyring og gjenvinning, fortel Ivar Hovland.

## ØNSKJER UTVIDING

I alt er det seks bedrifter innan elektro, mekanikk, ventilasjon og varme



Dagleg leiar i ventilasjonsfirmaet Covent as, Ivar Hovland, er optimistisk med tanke på å få samla seks energibedrifter i Rogaland Energisenter i løpet av 2009. (Foto: Toyni Tobekk)

## Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneske har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

 FAGFORBUNDET



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040  
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

som ser for seg å flytte saman. Felles for alle bedriftene er at dei alle har planar om å utvide i nær framtid, og dei ser at samlokalisering gir gevinst i form av større tilgang til kunnskap og auka kompetanse.

50 millionar kroner trengst til å realisere planane om nybygget som skal kome i tillegg til Covents eksisterande bygg. For å få gjennomført utbyggingsprosjektet er tiltakshavarane avhengige av støtte frå Selskapet for industrivekst (Siva). – Vi har hatt note med Siva og avventar endeleg svar i slutten av mai, seier Hovland. Går finansieringa i orden, reknar han med at nybygget kan stå klart hausten 2009. Det vil i så fall bli eit energinøytralt bygg som mellom anna lagrar solvarme til bruk om vinteren.

## ENERGI 21

I botnen av denne nyskapinga som han meiner energisenteret er ligg styresmaktens satsing på energisparing og klimatiltak gjennom Kyotoavtalen, Soria Moria-erklæringa og den nasjonale energistrategien i Energi 21, fortel Hovland. Ei utgreiing gjort på vegner av bedriftene konkluderer med at kvar einiskild bedrift, men og lokalsamfunnet, vil tene på å samle kreftene i eit energisenter. Utfordringa for bedriftene no er å trekke kompetente fagfolk til distriktet, noko som vil bli ei enda større utfordring viss alle reknar med vekst i framtida.

– No rekrutterer vi folk frå Stavanger i nord til Flekkefjord i sør, og framover ønskjer vi også å trekke til oss folk frå forskarmiljøa i NTNU og

Sintef, seier Hovland, som håper energisenteret vil verke som ein magnet på fagfolk i framtida.

Sjølv om Bjerkreim ikkje kan by på storbymiljø, så har regionen mange ledige tomter, god barnehagedekking og andre faktorar som bedriftene reknar spelar ei rolle for folk som ønskjer etablere seg i eit fagmiljø.

## Rogaland Energisenter

Selskapa Brødrene Pettersen & Sønner, Comek as, Covent as, Engineeringpeople, Prokulde og Spønning as frå Bjerkreim ønskjer å danne Rogaland Energisenter.

Nettverket vil samlokalisere seg og treng å bygge ut 7 200 m<sup>2</sup> i tilknytning til eit eksisterande næringsområde, med høve for ytterlegare utbygging.

Energisenteret skal samle kompetanse kring energieffektivisering for å videreutvikle og utvikle nye energisparande produkt til privatbygg og næringsbygg.

# Har sin egen lyd



Ivar Fuglestad Serigstad (16) spelar dei gamle og unike Bjerkreimsslåttane på hardingfele. (Foto: Toyni Tobekk)

**Musikken frå Bjerkreim har ei særskild stilling i folkemusikken og blir brukt av folkemusikkarar frå heile landet.**

TOYNI TOBEKK  
toyni@norsk-plan.no

- Folkemusikken frå Bjerkreim har bevart ein alderdommeleg tonalitet og spelemåte som ikkje er like godt ivareteken andre stader i landet, fortel konservator Ruth Anne Moen ved folkemusikkarkivet i Rogaland. Medan felespelet og folkemusikken forsvann frå områda rundt i periodar med religiøs vekking, levde dei gamle tonane att i nokre fjellgrender i Bjerkreim.

## SPELT I HEILE LANDET

I prosessen med å finne att og bruke gamle tonar frå Bjerkreim har musikken blitt verande slik han var, utan å bli polert og tilpassa nye

tider. Det har gjort at også moderne folkemusikkarar over heile landet no brukar Bjerkreimsmusikken. Spelmannsprisvinnarane Majorstuen har til dømes fleire Bjerkreimsslåttar på sine utgjeingar.

– Det er eigentleg mest folk utanfor Bjerkreim som spelar Bjerkreimsmusikk, seier konservatoren.

Ho trur at oppdaginga av den særreigne musikken i Bjerkreim på mange måtar var avgjerande for at innsamlinga av folkemusikk i Rogaland kom i gong på byrjinga av nittitalet, og dermed gjorde at Rogaland fekk opparbeida seg ein status i folkemusikkmiljøet.

## ARVEN ETTER OLDEFAR

Ivar Fuglestad Serigstad (16) er ein av dei yngre spelmennene som gjer sitt for å ta vare på og vidareføre folkemusikken frå Bjerkreim. Han er oldebarn til Ivar Fuglestad, ein av eldsjelene som saman med brørne Trygve og Georg sytte for at den

gamle Bjerkreimsmusikken vart teken fram att og brukt. Gamle Ivar døydde i 1982, ti år før oldebarnet Ivar vart født.

For fem år sidan bestemte den yngre Ivar seg for å gå i fotefara til olderfaren og byrja spele hardingfele, mellom anna med Vibå spelemannslag.

– Eg spelar fele fordi eg har glede av det og ikkje minst fordi eg hadde lyst til å halde tradisjonen levande, seier den unge spelmannen. – Viss du høyrer godt etter når eg spelar, så høyrer du at slåtten frå Bjerkreim har ein heilt spesiell klang.

## Vil stimulere elevane til å velje fleire språk

Kunnskapsdepartementet er uroa over at færre elevar i vidaregåande skule vel språk som tysk, fransk og spansk.

I ei stortingsmelding om språk og språkoppføring blir det gjort framlegg om å gje tilleggsoppgong for andre språkfag enn engelsk ved opptak til høgare utdanning.

Departementet meiner mangelen på rekruttering i språkfaga er urovekkjande. Det blir vist til at ei ordning med tilleggsoppgong for fag som biologi, fysikk, kjemi og matematikk har gjort sitt til at fleire elevar vel desse faga.

Ved å gje tilleggsoppgong for andre språkfag enn engelsk, håpar departementet å auke rekrutteringa til fleire språk. Det blir samtidig streka under at opplæringa i engelsk skal betrast.

Utanlandsopphald  
Departementet gjer framlegg om fleire tiltak som skal styrkje språkfaga, mellom anna tilbod om utanlandsopphald for elevane.

Språkmeldinga legg vidare opp til at forsket med tidleg start med framandspråk i grunnskulen skal halde fram, og ordninga skal utvidast til fleire

## Framhald kronikk s.3

Samferdselsministeren varslar ein differensiert samferdselspolitikk med meir kollektivtransport i og rundt dei store bysentra og med noko anna (?) for distrikta og for dei viktige transportkorridorane som bind landet saman.

Det andre lyspunktet er at Vegvesenet nå ope snakkar om *forfall* – som erstatning for det meir politisk korrekte *etterstep*.

På eit anna infrastruktur-område har nåverande regjering hatt heilt andre ambisjonar: Utbygging av breiband-tilbod til alle (100% dekning). Sjølv om det her er snakk om småpengar i forhold til veg og bane, så kunne ein ynskje seg at ein tok med seg litt av AMBISJONSNIVÅET. Dette er noko flott treng og spør etter, og det er flott at slik utbygging kan skje utan langvarige prosessar. Men vi treng også VEG.

Kjem det då meir pengar til gode og moderne vegar?

Svaret får vi til dels våren 2009, når NTP skal handsamast i Stortinget. Fleire svar kjem i samband med dei årlege budsjetta.

Men vi veit kven som plar vinne!

## Fela i ura

Religiøse vekkingar har i mange periodar sett stoppar for folkemusikken og gjort at spelmennene har mista statusen sin. Denne vesle biten av ei søge frå Bjerkreim kan gje eit lite bilde av korleis pietismen gjorde at spelmenn måtte finne seg utveggar for å få spele:

Klaus Torkelson (fødd 1851) hadde vore på sildefiske og tent seg nokre pengar som han kjøpte seg fele for. Men å kome heim med fela våga han ikkje, han visste at den svært pietistiske faren ikkje ville godta det. Derfor gøynde han fela i ei

ur, og så sneik han seg ned i ura titt og ofte for å spele.

Folk såg at Klaus lurte seg i veg, og mange lurte på kor felelåten kom frå. Mange av dei som høyrde felelåten på avstand trudde at det var huldra som spelte for Klaus Torkelson.

Til slut kom det for ein dag korleis det var fatt, og frå då av fekk Klaus spele fele openlyst. Men far hans passa nøye på at han berre spelte salmer og ikkje danseslåtter.

(Kjelde: Vikeså – Fuglestadætta av Georg Fuglestad)

språk enn engelsk.

Kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell (SV) seier at målet er at norske elevar skal bli gode språkbrukarar og at dei skal bli betre til å lese.

– Eg vil styrkje leseopplæringa gjennom etterutdanningstilbod, rettleingsmateriell og justering av læreplanen i norsk, seier Solhjell.

## Fleirspråklege som ressurs

Han vil også ha eit nytt nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning og ein eigen tiltaksplan for nynorsk.

Kunnskapsministeren er oppteken av å nytte fleirspråklege elevar som ein ressurs.

Han varslar at det vil bli sett ned eit utval som skal vurdere alle sider ved opplæringstilbodet til minoritetsspråklege barn. (©NPK)

Gamle og unge er i strid. Men det må så vera. Var det ikkje det, fann ikkje dei unge på anna enn det dei gamle alt hadde gjennomført, og så sovna livet.

- Arne Garborg

## MOT TIL Å MEINE



## EVNE TIL Å SKAPE

Etableringa av eit nasjonalt kunnskapssenter på Jæren skal inspirera til samfunnsengasjement, til å lesa, til å skapa og formidla kunnskap, basert på visjonane til Hulda og Arne Garborg.

Eit senter lokalisert i eit kunnskaps- og læremiljø i utvikling på Bryne. I eit spennande byutviklingsmiljø skal Garborgsenteret vera ein del av eit pulserande og innovativt fellesskap. Eit senter der unge menneske skal stå i sentrum for å vera med å forme framtida.

Nasjonalt Garborgsenter

Eit senter for litteratur, engasjement og fortelling

Opning i 2011

# Lovar nynorsk filmteksting

**Norsk Målungdom ser no resultat etter ein lenger ak-sjon for å fremje nynorsk kinofilmteksting.**

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Det er over 20 år sidan me sist hadde ein kinofilm med nynorsk teksting i dette landet, det var Ronja Røvardotter i 1985, som kom både på nynorsk og bokmål. No har derimot Euforia Film lova at dei til hausten vil tekste minst ein film på nynorsk.

- Dette er ein viktig milepæl. Me er særst glade for at Euforia Film tek denne sjansen, seier Jens Kihl, leiar i Norsk Målungdom i ei pressemelding.

Kihl legg vekt på at målungdommen no gjerne skaffar ein kompetent omsetjar til jobben, og at dei sjølv-sagt vil markere det når filmen vert lansert.

Kjetil Omberg, dagleg leiar i Euforia Film, meiner det handlar om å bryte med gamal vane. - Eg trur ikkje dette skal bli spesielt vanskeleg. Grunnen til at me ikkje har gjort det før no, er rett og slett at me ikkje har ein kompetent nynorsk-omsetjar i miljøet, seier Omberg.

Euforia Film har frå før filmar som blant anna Rovdyr og Rambo på distribusjonslistene sine.

NMU starta i haust kampanjen som fokuserer på nynorsken sin plass i kinosalane over heile landet. Målet er ein eller fleire kinofilmar teksta på nynorsk, og at dette i framtida skal bli vanleg.

### Lovbestemt frukt og grønt til skuleelevar

Gratis frukt og grønt til elevar frå 1. til og med 10. skuletrinn blir ein del av norsk lov.

Regjeringspartia sytte fredag for at Odelstinget vedtok den naudsynte endringa i opplæringslova. Det er løyvd ekstra midlar til frukt og grønt i skulen i statsbudsjettet for i år, men fleire kommunar har brukt pengane til andre formål.

Opposisjonen ynskte ikkje å洛夫esta ordninga, og meiner at洛夫estinga er ei unødvendig og unaturleg detaljstyring av økonomien til kommunane. Frp kan likevel vera med på洛夫estinga seinare, dersom ordninga blir fullfinansiert av staten.

Høgre og Venstre meiner det er gale å påleggja kommunane å bruka fleire hundre millionar kroner på eple til elevane framfor å betra læringsinnhaldet i skulen. (NPK)

### Odda blir i Lnk

I januar var ordførar Gard Folkvord (Ap) i Odda kommune innstilt på å melde kommunen ut av Lnk for å spare pengar og for å vere språkneutralt. No har ordføraren snudd, etter press frå mellom anna partiet Raudt. Folkvord seier til Hardanger

folkeblad at han har søkt råd både hjå Lnk og det lokale mållaget og bestemt seg for ikkje å fremme sak for kommunestyret om utmelding likevel.

# Kyrkja arbeider for miljøet



Illustrasjonsfoto: Erxfjord kyrkje (Foto: Judith Sørhus Littlehamar)

miljøfyrtårn og inviterte kommunen og næringslivet til informasjonsmøte. Det førte igjen til at både kommunen og fleire bedrifter no arbeider aktivt med dette.

For å bli grøn kyrkjelyd må ein setje i gang tiltak for å få betre miljø og meir rettferdig fordeling, ein må lage ein enkel plan for arbeidet, utpeika ein miljøkontakt og danna ei arbeidsgruppe som følgjer opp tiltaka.

I dette prosjektet samarbeider kyrkja med organisasjonar som Kirkens Nødhjelp, Changemaker, Grønn Hverdag, Korsvei og Den norske kirkes nord/sør – informasjon.

## Kan det vera god kommuneøkonomi å bli heime?



Siren Vetnes Johannessen leiar HMS-prosjekta i Mandal Kommune.

I 2003 hadde sjukefråveret i Mandal kommune blitt så høgt at kommune-styret avgjorde at noko måtte gjerast. Med støtte frå KLP sette kommunen i gong eit omfattande HMS – prosjekt. Knappt 2 år etter at Nærvervsprosjektet blei starta opp, var sjukefråveret redusert med mest 30 %. Den positive trenden har halde fram. I desse dagar vert Tillitsprosjektet lansert, eit fire-årig pilotprosjekt der KLP også er med.

**INNSIKT OG KOMPETANSE**  
- Det er betre å vera vekke frå jobben ein dag eller to enn å havna på langtidssjukemelding. Poenget er at kvar enkelt tek ansvar for si eiga helse, seier Siren Vetnes Johannessen, leiar av prosjekta. Og legg til: - KLP har vore ein viktig støttespelar. Deira innsikt og kompetanse på HMS-området har vore ein av suksessfaktorane i Nærvervsprosjektet i Mandal.

**SUMMEN AV MANGE SMÅ TING**  
Aktiv HMS – arbeid handlar om tiltak på mange plan. I Mandal får folk høve til jobbrotasjon. Alle tilsette som er heilt sjukemelde i meir enn 3 veker blir inviterte til ei samtale med Bedriftshelsetenesta. Folk i "faresona" får også tilbod om trening i arbeidstida. Det er til og med akseptert at folk i gitte situasjonar kan ha godt av å bli heime i staden for å gå på jobben. Ein tur i skogen, til dømes, kan vera helsebringande.

I KLP trur me det er dei som "kjenner kvar skoen trykkjer" som veit best kva som kan hjelpa. Difor støttar vi kundedrivne HMS-tiltak og har bidratt i mange vellukka prosjekt innan førebyggjing, tilrettelegging og livsfasetilpassing. Berre i 2006 var vi involverte i 120 ulike HMS-tiltak. Les meir på [www.klp.no](http://www.klp.no). Me deler gjerne våre erfaringar og vår kompetanse med enda fleire.

**KLP**  
for dagane som kjem

### Grøne kyrkjelydar ynskjer å setje fokus på miljø og rettferd.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR  
judith@norsk-plan.no

Borgund menighet er ein av om lag 30 kyrkjelydar som har fått status som grøn kyrkjelyd. Dagleg leiar Kristin Smehus meiner kyrkja har ei viktig rolle til å formidle gode haldningar i miljøspørsmål.

### BRETT MILJØARBEID

- Det er viktig å vise at det vesle kvar og ein gjer betyr noko i den store samanhengen, seier ho og viser til at arbeidet som grøn kyrkjelyd er med å bevisstgjere både dei som arbeider i kyrkja og andre i kyrkjelyden.

Borgund menighet forpliktar seg gjennom dette arbeidet til å vere bevisste når det gjeld forbruk og handtering av avfall. I tillegg må kyrkjelyden levere ein årleg rapport om

arbeidet. I Borgund menighet held ein miljøgudstene på 2. pinsedag, dei har ein miljøsertifisert barnehage og eigen dyreklubb.

- Eg trur det er viktig at borna får dette inn i ryggmargen. I barnehagen vår får dei vere med på til dømes komposter og sortering av avfall.

### RETTFERDIG FORDELING

Rådggjevar for miljø – og samfunns-spørsmål i Kyrkjerådet, Hans – Jürgen Schorre legg vekt på at kyrkja i mange år vore opptekne av miljø og rettferd og viser til at Kyrkjemøtet har teke dette opp fleire gonger.

- Mange i kyrkja er opptekne av at me har avgrensa med ressursar og at dei må fordelast rettferdig, og at me treng ei berekraftig utvikling, seier han.

Interessa for å bli grøn kyrkjelyd veks stadig og Schorre ser med glede på at fleire og fleire kyrkjelydar no tek initiativ for å bli meir miljøvennlige.

- Det er mange gode døme på dette. I Bø i Telemark vart kyrkjelyden



Øystein Runde har fått stipend på 50 000 kroner til å lage teikneserie for.  
 (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

Eg er berre  
 ei sleggje.  
 Eg stend der no.  
 Eg lyt berre til  
 når det røyner på.

Av Olav H. Hauge, som ville ha fylt 100  
 år i 2008.

# Lagar nynorske striper

**Øystein Runde (29) er teikneserieforfattar som bruker både bokmål og nynorsk i arbeidet sitt. At han må rettferdiggjere at han brukar nynorsk synest han er irriterande.**

TOYNI TOBEKK  
 toyni@norsk-plan.no

- Nynorsken er ikkje noko eg går rundt og er så veldig bevisst på. Men det aller meste eg gir ut er på nynorsk eller dialekt, og eg har nok eit anna forhold til språk enn mange av kollegene mine.

Runde opplever innimellom at han må ha eit svar på kvifor han bruker nynorsk, noko han synest er tøvete. – Det er no berre språket mitt, seier han og er meir oppteken av kva historier han har å formidle.

## SKURKEN TRYGVASSON

Teikeserieskaparen har no fått 50 000 kroner til å lage ein heilt ny teikneserie – også denne gongen på nynorsk. Pengane er løyvde av Noregs Mållag på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Arbeidsstipendet skal delast ut for andre året på rad og skal gå til nokon eller nokre som breier nynorsken ut på nye område. Runde har planen klar for kva prosjektpengane skal brukast til.

- Soga om Olav Sleggja, ein teikneserie med røter i sagatida, skal realiserast. I denne teikneserieromanen vil vi få møte Olav Trygvasson som den skrekkelege skurken Olav Sleggja må stå i mot. Romanen kjem til å bli på omlag 130 sider, og Runde fortel at han har mykje materiale ferdig allereie.

## PANGAVSLUTNING

Øystein Runde har teikna stripa Rundetid i ungdomsbladet Spirit sidan 2001 og laga ein gong i tida den noko kontroversielle teikneserien Margarin saman med Kristopher Schau. I 2006 fekk han dessutan karakteren Bjartmann inn i Larssons Gale Verden. Bjartmann lever i Ulsteinvik, verdas mest teikneserieteikna bygd, meiner

Runde, også heimbygda til forfattern sjølv.

I 2007 vart han nominert til ungdomsbokprisen Upris for teikneserieromanen De fire store, ein roman han laga saman med teiknar Geir Moen. Boka handlar om Ibsen, Bjørnson, Kielland og Lie, nokre zombiar og eit undergrunnsoppdrag leia av Hulda Garborg. Den boka skreiv han forøvrig på bokmål.

No nærmar det seg slutten for Bjartmann i Larssons Gale Verden. - Eg nyttar dermed høvet til å gje karakteren min ein pangavslutning som vil få store konsekvensar for heimkommunen min, lovar forfattern.

# Bok til alle barn



Rune Belsvik les om *Dustefferten under lanseringa av boka Les for meg!*. Belsvik er ein av dei 43 forfattarane som er representerte i høgtlesingsboka. (Foto: Toyni Tobekk)

## TEKSTEN MÅ FENGE

Prosjektleiari og redaktør for Les for meg!, Petra J. Helgesen fortel at det har vore ei målsetting å gje ut så nye tekstar som råd, slik at ingen av stykkene i boka er meir enn ti år gamle. Her finn ein tekstar av gamle kjenningar som Erna Osland, Rune Belsvik, Ragnar Hovland og Odd Nordstoga så vel som dei meir nyetablerte forfattarane som Maria Parr. Til saman 43 forfattarar og 22 illustratørar er representerte i boka. Sidan dette er ei høgtlesingsbok, er alle tekstane er prøvd ut som høgtlesingsmateriale i ulike barnehagar først, fortel Helgesen. Kriteria for utvalet av tekstar og songar har vore at dei skal skape ein breidde, dei skal fenge umiddelbart og ikkje minst skal dei opne for lesing av andre tekstar.

Det blir gitt ut omlag 1000 nye barnebøker i året, og mellom 80 og 90 av dei er på nynorsk.

**Ei samling av den nynorske tekstskatten er på veg til ein barnehage nær deg.**

TOYNI TOBEKK  
 toyni@norsk-plan.no

- Lærarar og barenhagetilsette fortel oss at dei finn få nynorske tekstar som passar for høgtlesing, fortel Ann

Steinsvik Nordal, leier av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nynorsksenteret, som var initiativtakar til barneboksamlinga Les for meg! Det ønskte senteret å gjere noko med, og det resulterte i ei samling av tekstar, bildebøker og songar som alle er mynta på munnleg overlevering. Boka har fått namnet Les for meg! og er gjeven ut på Det norske samlaget.

8 200 bøker er fordelt til 5 500 barnehagar og 2 700 småskular med 1. årssteg over heile landet, heilt gratis.

- Vi ønskjer at boka skal vere ein dørøpnar for den moderne nynorske barnelitteraturen, seier Steinsvik Nordal. Ho meiner høgtlesing er ein viktig arena for leseforståing og understreker kor viktig det er for barn å utvikle eit rikt tilfang av ord.